

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2009

HEMSEDAL KOMMUNE

INNHALD

- 1 Rådmannen sine kommentarar
- 1.1 Økonomisk resultat – vurderingar og kommentarar
- 1.2 Årsmelding frå tenestoområda

PERSONALE – ORGANISASJON

1. Avvik
2. Målsetjingar
3. Måloppnåing
4. utfordringar 2010

EIGEDOM

1. Avvik
2. Måloppnåing
3. Avvik
4. utfordringar 2010

KULTUROMRÅDET

- 1.1. Omfang og funksjon
- 1.2. Bemanning gjennom året
- 1.3. Regionalt arbeid
- 1.4. Politikk
- 1.5. Generelle avvik
2. Kultur
 - 2.1. Folke og skulebiblioteket

OPPVEKST

1. Mål grunnskulen
2. Oppnådde mål grunnskulen
3. Avvik grunnskule
4. Utfordringar grunnskulen
5. Barnehagane

1. INNLEIING

2. HELSE OG OMSORG

2.1 Generelt

- 2.1.1 Bemanning gjennom året
- 2.1.4 Andre planar
- 2.1.5 Regionalt samarbeid
- 2.1.6 Politikk

2.2 MÅL 2009

2.3 MÅLOPPNÅING

2.4 AVVIK

2.5 MÅL og UTFORDRINGAR

2.6 DEI ULIKE EININGANE i helse- og omsorgsetaten

- 2.6.1 Heimetenesta
- 2.6.2 Bygdaheimen
- 2.6.3 Helsestasjon
- 2.6.4 Fysioterapi
- 2.6.5 Psykisk helse
- 2.6.6 Legeteneste, legevakt og miljøretta helsevern

3. BARNEVERN

4. NAV

TEKNISK ETAT – STAB

- 1.1 Omfang og funksjon
- 1.2 Bemanning gjennom året
- 1.3 Regionalt arbeid
- 1.4 Politikk
- 1.5 Generelle avvik
- 3.1 Plan, bygg og oppmåling
 - 3.1.1 Mål
 - 3.1.2 Kva er oppnådd

- 3.1.3 Kva er avvik
- 3.1.4 Kva er utfordringane
- 3.2 Miljø- og forureining
 - 3.2.1 Mål
 - 3.2.2 Kva er oppnådd
 - 3.2.3 Kva er avvik
 - 3.2.4 Kva er utfordringane

4. TEKNISK DRIFT – 3200

- 4.1 Vassforsyning
 - 4.1.1 Mål
 - 4.1.2 Nøkkeltal
 - 4.1.3 Vasskvalitet og drift
 - 4.1.4 Investeringar
 - 4.1.5 Avvik
- 4.2 Avløp
 - 4.2.1 Mål
 - 4.2.2 Nøkkeltal
 - 4.2.3 Rensegrad og drift
 - 4.2.4 Investeringar
 - 4.2.5 Avvik
- 4.3 Renovasjon og slamtømming
 - 4.3.1 Mål
 - 4.3.2 Nøkkeltal
 - 4.3.3 Investeringar
 - 4.3.4 Avvik
- 4.4 Vegar og gatelys
 - 4.4.1 Mål
 - 4.4.2 Nøkkeltal
 - 4.4.3 Drift og vedlikehald
 - 4.4.4 Investeringar
 - 4.4.5 Avvik
- 4.5 Planlagde oppgåver 2010

5. LEIAR LANDBRUK OG NÆRING – 3400

- 5.1 Landbruk og næring
 - 5.1.1 Mål
 - 5.1.2 Kva er oppnådd
 - 5.1.3 Kva er avvik
 - 5.1.4 Kva er utfordringane

Vedlegg:

Kommunestyresaker i 2009
Revisjonsberetning
REKNESKAP

Driftsrekneskap – rekneskapsskjema 1A og 1B
Investeringsrekneskap- rekneskapsskjema 2A og 2B.
Balanserekneskap
Økonomiske oversyn – kapitalkonto og noter

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret, innbyggjarar og andre interesserte om ressursbruk og tenesteproduksjon i året som gjekk. Årsmeldinga som ligg føre er ein samanfatta og oppdatert presentasjon av all verksemd i Hemsedal kommune i 2009.

Overordna materiale om økonomi, organisasjon og personale er samla i meldinga. Meldinga vert saman med rekneskapet revidert av revisjonen i tråd med forskrift om kommunal rekneskapsføring.

Rådmannen vil blant mange resultat i 2009 trekkje fram følgjande:

1. Hemsedal kommune var framleis eit lågt sjukefråver. I 2009 vart sjukefråveret 5,2%. Det er ei auke frå 4.5% i 2008. Resultatet ligg framleis lagt under landsgjennomsnittet. Lågt sjukefråver gjev framleis mange og kvalitativt gode tenester.
2. Rådmannen vil syne til meldingar om at fleire tilsette, spesielt i leiarstillingar og i sakshandsamarstillingar ved teknisk etat arbeidar særst mykje gratis overtid. Dette er ei utfordring som må løysast. Det kan ha konsekvensar både for helse og miljø, samt at det kan føre til vanskar med å behalde og / eller rekruttere personar i viktige funksjonar i kommunen.
3. Det vert utvikla samarbeid om fleire interkommunale tenester. Hemsedal kommune merker i stadig aukande grad kva det inneber å vera ein liten kommune og samstundes vera generalistar. Det vil i 2010 bli inngått ein omfattande avtale med Hallingdalskommunane om felles barnevern.
4. Grunnskulen meiner framleis at rammetimetalet er for lågt, sjølv om det kan dokumenterast jamn auke sidan 2006. Tilbodet om tilpassa opplæring er framleis ikkje tilfredsstillande.
5. Kommunen har full barnehagedekning. Det er registrert ytterlegare auke i etterspurnad etter plassar for born under 3 år.

For fleire og meir utfyllande kommentarar til ulike tenesteområde syner rådmannen til uttaler tatt inn i årsmeldinga.

Kommunale føretak.

Kommunen har 2 kommunale føretak: Hemsedal Energi og Hemsedal Elektro. Hemsedal Energi gjev framleis lokalt næringsliv gode rammevilkår og innbyggjarane billeg straum. Både Hemsedal Energi og Hemsedal Elektro bidreg med økonomisk tilskot til kommunen

Interkommunalt samarbeid.

Hemsedal kommune har styrka sitt tenestetilbod gjennom interkommunalt samarbeid i Regionrådet for Hallingdal og elles i alle dei fora leiarar og andre tilsette deltek i. Kommunen er medlem / eigar i dei interkommunale selskapa Hallingdal Renovasjon iks, Nedre Hallingdal PPT iks, Hallingdal Revisjonsselskap iks, Hallingdal Brann- og Redningsteneste iks, IKA Kongsberg iks (interkommunalt arkivselskap) og Kommunenes Opplæringskontor i Buskerud iks.

Det er vidare utvikla eit omfattande samarbeid innan IKT i regionen dei seinaste åtte åra. Rådmannen syner til eige punkt i årsmeldinga om interkommunalt IKT-samarbeid.

Rådmannen vil takke både folkevalde og alle tilsette for godt samarbeid og stor innsats i 2009!

Hemsedal, 6.april 2010

Gabriel Johannessen
Rådmann

Økonomisk resultat – vurdering og kommentarar:

DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER:

Driftsresultat:

	R 2006	R 2007	R 2008	B 2009	R 2009
Skatt inntekt og formue	65 648	51 217	54 345	57100	55407
Eigedomsskatt	4 305	5 657	5 771	6400	7127
Rammetilskot	6 323	15 623	15 724	21722	23007
Øvrige driftsinntekter	46 198	50 924	57 096	49794	63375
Sum driftsinntekter	122 747	123 421	132 936	135016	148916
Lønns- og sosiale kostn.	74 979	80 410	87 815	87414	94653
Varer og tenester til ten. Prod.	26 164	27 738	18 829	21845	23681
Varer og tenester til erst. Tenesteproduksjon	12 324	10 892	13 308	13770	15156
Overføringer til andre	8 378	7 330	7 969	9536	10217
Avskrivninger	7 283	7 930	7 972	7607	8229
Fordelte utgifter	(7 442)	(8 759)	(31)	(0)	(94)
Sum driftsutgifter	121 686	125 439	135 863	140172	151842
Brutto driftsresultat	1061	-2 018	-2 927	-5156	-2927
- netto renter, utbytte	(31)	767	(4 207)	(4009)	(6380)
- netto avdrag	4 796	4 687	5 261	5 450	5 778
- utlån over dr.regnskap	106	104	146	0	23
- avskrivning	7 283	7 929	7 972	7607	8229
Netto driftsresultat	3 411	352	3 846	683	5881

Driftsresultat i tabellen er rekna ut frå standard oppsett. Dette er i nokon grad misvisande i høve til privat rekneskapsføring. Mellom anna vil det vere ein del inntekter som ikkje er til fri disposisjon (øyremerka) og der mindreforbruk må avsettast til fond og omvendt; ein del kostnader som skal dekkast av fond. Interne finansieringstransaksjonar er ikkje ein del av tabellen.

Netto driftsresultat:

Resultatmål:	R 2006	R 2007	R 2008	B 2009	R 2009
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,8 %	0,003 %	2,89%	0,005 %	4,0 %

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen si handlefridom, direkte og indirekte. Eit positivt netto driftsresultat syner i kva for grad drifta aleine greier å bidra til eit overskot. Men som nemnd over; det kan godt hende at det er komme eit tilskot som er øyremerka og der det som er unytta må settast av til fond. Talet for netto driftsresultat kan difor vere noko misvisande.

Kommunaldepartementet har uttalt at kommunane bør ha eit høgare netto driftsresultat enn 3%.

Årsoverskot + netto avsetningar + overføring til investeringsrekneskapan:

(heile 1.000 kr.)

Resultatmål:	R2006	R 2007	R 2008	B 2009	R2009
Sum årsoverskot + nto. Avsetn. + overf. Til inv.	3411	352	3845	683	5881

Talet er ikkje eit normtal og blir ikkje nytta så ofte, men det gir ein indikasjon på kor mykje kommunen greier å spare av driftsmidlane, enten i form av avsetningar til fond eller likvidbeholdning, overføring til finansiering av investeringar eller som eit mindreforbruk. Det er ikkje alltid slik at ein ser det som eit mål å spare pengar, men samstundes er det mange som meiner at det må vere ein "buffer" i drifta til å fange opp uventa hendingar. I Hemsedal kommune er det vidare eit administrativt ynskje å kunne styrke likviditetsbeholdninga og det som må til då er høgare inntekter enn utgifter (også i høve til budsjett – mindreforbruk) utan binding av mindreforbruket til nye tiltak.

Talet for "sparing" kan også komme frå øyremerka midlar som etter regelverket skal settast av til fond. I slike tilfeller er talet misvisande.

Mål for slik sparing kan vere interessant å få politisk. Men det er ikkje nokon klare måltal, så dette talet bør kommunen ta stilling til sjølv.

Driftsinntektene:

Som tabellen på førre side syner, så har det vore ein auke i inntektene frå 2008 til 2009. I prosent utgjer auken 10,5% og i kroner utgjer auken 14,1mill. kr

Driftsutgiftene:

Generelt:

Driftsutgiftene syner ei auke på 11,7 % frå 2008 til 2009. I kroner utgjer dette 15,9 mill. kr. Sett opp mot auken i inntektene (14,1) mill. kr.) i same tidsrom gir dette ein viss forverring av situasjonen.

Etter relativt moderat auke i lønsutgiftene i 2004 har lønsutgiftene auka mykje i både 2005, 2006,2007,2008 og 2009.

Lønskostnader i høve til sum driftsinntekter:

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:	R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
Løn og sosiale kostnader/driftsinntekter (i %)	61,1 %	65,2 %	66,1 %	63,6 %

Tabellen og tala syner i kva for grad driftsinntektene er knyta opp mot reine lønskostnader. Lønskostnadene er som oftast ein fast post som er vanskeleg å gjere noko med på kort sikt og evt. som oftast har direkte med kommunal tenesteproduksjon å gjere. Ein reduksjon av lønskostnader vil normalt medføre at stillingar ikkje blir besett og at oppgåver ikkje blir gjort sidan kommunal tenesteproduksjon i stor grad handlar om menneskelege ressursar. Ein kan ikkje sette inn maskiner eller robotar i staden. Det ein kan gjere er å leige inn hjelp utanfrå, men det har mange stader synt seg å vere dyrt dersom det ikkje er berre for å avhjelpe toppar.

Reint umiddelbart synest ikkje 63,5% å vere eit urovekkande tal i seg sjølv.

Men utviklinga – dersom den held fram – er ikkje heilt tilfredsstillande.

Skatt på inntekt og formue i høve til sum driftsinntekter:

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:	R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
Skatt på inntekt og formue/driftsinntekter (i %)	53,5 %	41,5 %	40,88 %	37,2 %

Skatteinntektene utgjer ein stor del av driftsinntektene og forholdstalet aukar. Det er bra, men slike tal kan sjølvstakt tolkast på fleire måtar; ein måte å sjå det på er at eigenfinansieringa aukar og at ein er mindre avhengig av andre inntekter – skatt bør på ein måte vere ein vesentleg inntektskjelde i eit offentleg budsjett. Sett utanfrå kan det sjå ut som at inntektene hjå våre innbyggjarar aukar (auka aktivitet) og at næringslivet går bra (auka skattetrekk og auka skatt frå verksemdene). Dette er nok også tilfelle i Hemsedal og ein kan berre sjå rundt seg og registrere auka velstand i kommunen. Generelt sett kan ein seie at det er **bra** at skatteinntektene sin andel av totale driftsinntekter aukar i ein kommune, men det seier ikkje heile sanninga.

Det er nemleg slik at det ikkje er at all auke i skatteinntektene som tilfell kommunen. Skattesystemet er eit sinnrikt system med varierende fordelingstal mellom stat, fylke og kommune som gjer at ein ikkje utan vidare veit kor mykje kommunen vil sitte att med av skatteinntekter når inntektsåret er over. Ein annan sak er at det også føregår andre korreksjonar som sørgjer for at ikkje all aktivitetsauke blir att i kommunen. Ei korreksjon som blir gjort frå staten er fortløpande justering av rammetilskotet – der meir skatteinntekter enn berekna når rammetilskotet vart tildelt, medfører redusert rammetilskot – jfr. Neste punkt.

Rammetilskot i høve til sum driftsinntekter:

(i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:

	R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
Rammetilskot/driftsinntekter (i %)	5,2 %	12,7 %	11,8 %	15,4 %

Som tabellen syner, så er rammetilskotet mindre forholdsmessig i høve til totale driftsinntekter. Det er på ein måte bra, men det reduserer litt av sikkerhetsnettet og gjer inntektsdelen til kommunen noko meir usikker. Men på same måte som det var ein ulempe med omsyn til korreksjon av auka skatteinntekter, så er det også ein fordel dersom kommunen skulle få ein reduksjon i dei same inntektene.

Ulempa og fordelene er at det ikkje er korreksjon krone for krone. Dette tilseier at ein freister å ikkje nytte gode skatteår (t.d. 2006) til å auke driftsutgiftene, men forsøker å disponere årsoverskot (mindreforbruk) til sparing for å møte dårlege skatteår.

INVESTERINGSREKNESKAPEN:

Investeringsrekneskapen syner at det er nytta i overkant av 32,7 mill. kr til investeringar i 2009. I tillegg kjem interne finansieringstransaksjonar som utlån, avsetning av tomtesalsinntekter og aksjar til fond (totalt ca 14,5 kr. mill. kr.). Dette siste er meir å rekne som ein vurderingsendring frå tidlegare år der det blir føreslege å sette av salsinntekter frå tomter og eigedomar til fond som deretter er nytta til å finansiere investeringar. Dette for å ha klarare oversyn over kva ein har til reell disposisjon til finansiering slik at ein unngår "mogelege" inntekter som finansiering av årets investeringar. I 2009 er dette gjort for sal av tomtar som ikkje har direkte samanheng med sjølve investeringa. I framtida bør dette gjerast for alle salsinntektene.

Den største posten i investeringsrekneskapen er bygging nye barnehagar, hovudleidning VA Holde Bru, VA og veg Mølla-Bruhaug, sanering VA nett Ulsåk, Grøndalsvegen.

Det er oppretta svært mange prosjekt på VA-området som etter rådmannen si meining er vanskeleg å sjå finansieringa av. Det må bli ei sterkare binding løyvingar til investeringstiltak, oppfølging av løyvingane og sluttmelding av prosjekta.

Rådmannen håper å få utarbeidd sluttmelding av mange av desse prosjekta i løpet av 2010 og få til ei finansiering. Noko av årsaka er at mange prosjekt er finansiert med t.d. sal av eigedomar som ikkje blir selde likevel. Dermed er prosjektet rekna som ufinansiert til salet er reelt.

Investeringane og interne finansieringstransaksjonar (om lag **28,7** mill. kr. for 2009) er finansiert slik:

Finansieringskjelde:	Beløp 2009 i kr
Bruk av lån	-9 611 526
Mottatte avdrag på utlån	-348 669
Bruk av ubundne kapitalfond	-15 774 226
Udekket i investeringsrekneskapet	-3 007 274
TOTALT	28 741 695

BALANSEN – NOKRE VIKTIGE SAMANHENGER:

Fondskapital:

(i 1.000-kroner:)

Type fond	R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
Bundne driftsfond	8.601	10.456	9 823	13767
Bundne investeringsfond	1,439	2.519	2 369	2777
Ubundne investeringsfond	8.341	12.948	13 698	9956
Disposisjonsfond	1.831	5.923	6 276	13060
SUM:	20.212	31.846	32 166	39561

Fondsmidler er inndelt i 4 grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre særpreg:

- Bundne driftsfond er øyremerka midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremål dei er meint å dekke ved overføringa til kommuna. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er motteke. Midlane er ikkje til fri disposisjon for Kommunestyret.
- Bundne investeringsfond er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.
- Ubundne investeringsfond kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.
- Disposisjonsfond kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til.

Eit "problem" med fondskapitalen slik den er sett opp i tabellen er at den ikkje syner kva som er til disposisjon til nye tiltak. Dei aller fleste fonda er allereie nytta til spesielle tiltak eller spesielle investeringar. Det er eit mål å få klarare oversyn over kva som er reelt til fri disposisjon til nye tiltak.

"Hovudproblemet" er likevel at det er altfor lite fondsmidlar – handlefridomen er for liten til å finansiere naudsynlege tiltak som dukkar opp under veis.

For å illustrere dette kan ein nemne at dersom alle prosjekt – som er på gong i kommunen og som er finansiert heilt eller delvis av fondsmidlar - vart fullført i løpet av året , så ville ein ikkje ha midlar til å dekke løpande utgifter sidan fondsmidlane inngår i omløpsmidlar.

Dette kan ein også sjå i tabellen nedanfor – arbeidskapital:

Arbeidskapital:

(i 1.000-kroner og i % av sum driftsinntekter:)

Resultatmål:

Arbeidskapital i kroner

Arbeidskapital/sum driftsinntekter (i %)

R 2006	R 2007	R2008	R 2009
25.783	29.956	35.152	37.311
21 %	24,3 %	26,4 %	25,1 %

Arbeidskapitalen er forskjellen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og seier oss noko om i kva for grad vi greier å gjere opp for oss. Har vi ein negativ arbeidskapitel vil vi ikkje kunne greie oss utan å måtte bruke av "dyr" kassakreditt eller så klart be om betalingsutsetting. Det er godt å sjå at arbeidskapitalen er over 20 %.

Ei arbeidskapital i % av driftsinntekter på meir enn 20% bør vere eit gunstig mål. Men **merk likevel at fondskapitalen inngår i omløpsmidlane og dermed medverkar til at arbeidskapitalen er såpass god som den er.**

Likviditetsgrad 1:

(i 1.000-kroner og som forholdstal:)

Resultatmål:

Omløpsmidler

Kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 1:

R 2006	R 2007	2008	R 2009
52.063	51.822	58.589	62138
26.280	21.866	23.436	24827
1,98	2,37	2,50	2,50

Likviditetsgrad 1 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommunen evner å betale dei kortsiktige forpliktingane – i kva for grad ein evner å gjere opp for seg. I det private er dette ofte nytta som måltal og ein seier at dette talet bør vere høgare enn 2. I omløpsmidlar inngår også kortsiktige fordringar som ikkje utan vidare kan gjerast om til pengar for å betale kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2:

(i 1.000-kroner og som forholdstal:)

Resultatmål:

Mest likvide omløpsmidler

Kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2:

R 2006	R 2007	R2008	R 2009
21.606	26.483	42.766	45.101
26.280	21.866	23.436	24.827
0,8	1,21	1,82	1,82

Likviditetsgrad 2 er eit nøkkeltal som seier noko om i kva for grad kommuna evner å betale dei kortsiktige forpliktingane her og no. I omløpsmiddel inngår stort sett berre bankinnskot. I det private er dette ofte nytta som måltal og ein seier at dette talet bør vere høgare enn 1.

Det hender at unytta del av kassekreditt inngår som omløpsmiddel, men det er ikkje tilfelle her.

Likviditetsreserve:

(i 1.000-kroner:)

Resultatmål:

Likviditetsreserve

R 2006	R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
-293	-25	-25	0	0

KRD har vedteke at likviditetsreserven skal vera 0. Kommunestyret har handsama dette som sak i 2009.

Gjeld – i kroner (eks. pensjonsforplikting):

(i 1.000-kroner:)

Resultatmål:

Lånegjeld i heile 1.000

R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
77.880	84.559	89.736	94.919

Gjeld – i % av brutto driftsinntekter (eks. pensjonsforplikting):

(i % av brutto driftsinntekter:)

Resultatmål:

Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
63 %	68,5 %	67,5 %	63,7 %

Gjeld – i kroner pr. innbygger (eks. pensjonsforplikting):

Resultatmål:

Lånegjeld pr. innbygger

R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
40.000	42.556	45.321	47.578

Kommentarar:

Rådmannen har i oversynet teke berre omsyn til langsiktig gjeld til låneinstitusjonar. Det er ikkje uvanleg å ta med også pensjonsforplikting i oversynet over langsiktig gjeld.

Direkte samanliknbare tal for kommunane i Hallingdal er ikkje lett å finne. Nokre har lita lånegjeld, andre har organisert eigedomane annleis i eksterne aksjeselskap, medan andre har høgare lånegjeld.

Det seier seg sjølv at høg lånegjeld er ei belastning og ein risiko for kommuneøkonomien. Slik situasjonen har vore dei siste to åra har kapitalkostnadene likevel vore til å leve med. Men ein lever farleg dersom ein ikkje greier å skape ein "buffer" mot endringane. Ein stor del av lånegjelda er i stor grad sjølvfinansierande, då det gjeld investeringar knytte opp mot VA. Difor vert ein stor andel av avdrag og renter finansiert ved dette og kommunen er ikkje så sårbar som andre kommuner som har gjort investeringar som til dømes kulturbygg osv.

Fordringar:

Resultatmål:

Kortsiktige fordringar

R 2006	R 2007	R 2008	R 2009
27 408	21 733	10 908	12229

Av dei kortsiktige fordringane er kommunale avgifter det mest vesentlege å nemne. I seg sjølv skulle fordringane som gjeld kommunale avgifter vere minimale ved årsslutt. Men slik er det ikkje. Dette har i hovudsak samanheng med at det har vore svært stor usemje om grunnlaget, der svært mange ikkje har betalt inn krav frå kommunen. Diverre har heller ikkje klagehandsaminga vorte prioritert og då sitter vi med mange uteståande krav der vi ikkje kan sette i verk dei beste innfordringstiltaka; det ville vere særst uheldig å krevje tvangsauksjon på eit feil grunnlag. **Men dog er fordringsmassen pr dei siste åra redusert vesentleg grunna god innkrevjing.**

POLITIKK OG ADMINISTRASJON HEMSEDAL - 2009

	R 04	R05	B 06	R06
Poltisk styring og kontrollorganer	2 250	2 337	2 368	3 209
Administrasjon 1)	8 139	8 969	9 380	9 237
Adm.lokaler	1 218	1 205	1 049	1 420
Premieavvik	-71	1 134	-	-678
Diverse fellesutgifter	121	44	129	129
Sum netto driftsutgifter kap.1	11 656	13 690	14 495	13 317

Fotnotar:

Administrasjon utgjør all kommunal adm.løiing, økonomitjenester, personaltjenester, fellestiltak, informasjonstjeneste, fellesfunksjonar, politisk sekretariat, arkivfunksjon, fellessystemer drift og investering IKT, samt all sektorovergripande opplæring.

PERSONALE – ORGANISASJON

Avvik

Rekneskapen viser mindre salsinntekter for teneste 1205. Det var budsjettert med kr. 20 000 i kompensasjon frå Skatt Sør for meiroppgåver som påfell Tenestetorget som fylgje av periodevis stor pågang av kundar og liten opningstid ved skattekontoret. Skatt Sør avviste avtale om kompensasjon.

Målsetjingar

- Har leita gjennom årsmeldinga for 2008 for å finne mål for tenesteområda tenestetorget, web og skjenking. Finn ingen direkte målsetjingar for områda

Måloppnåing

- Vart i 2009 gjennomført serviceundersøking. Bruke resultatet frå denne undersøkinga for å forbetre tenestene og servicegraden for brukarane våre.
- Undersøkinga konkluderte med at det er stor grad av samsvar mellom den definerte viktigheita av ei teneste og kor stor grad tenesta er realisert.
- Har brukt serviceanalysen gjennomført i Hallingdalskommunane i 2009 som utgangspunkt for vidare arbeid i planperioden.
- Kan slå fast at Tenestetorget opprettheldt same standard på servicetilbodet til innbyggjarane i 2009 som tidlegare år.

Utfordringar i 2010 og vidare i planperioden

- Arbeide systematisk med å vidareføre og betre rutinar for informasjonsflyt mellom fageiningane og Tenestetorget.
- Kontinuerleg oppdatering av kompetanse basert på informasjon frå fageiningane.
- Bygge opp nødvendig juridisk kompetanse, ettersom oppgåver, saker og klager som vert handsama særleg innan skjenkeområdet får større islett av juridiske problemstillingar.
- Den digitale kvardagen skapar forventningar om at tenester er elektronisk tilgjengeleg. Mengda publisert informasjon og elektronisk tilgjengelege tenester er aukande. Ressursbruk til vedlikehald av publiseringsverktøy, tenestebeskrivingar, skjemaløysing, publisert informasjon og intern samhandling aukar stadig.
- Sikre nok ressursar for å heve nivået på nettsida. Ei satsing på webområdet og dei digitale sjølvbeteningstenestene vil gje gevinst i form av mindre pågang på tenestetorg og fageiningane.
- Ny intranettløysing- Ansattportal for alle tilsette i Hallingdalskommunane.
- Arbeide systematisk med kvalitetsforbetringar, samt ta i bruk måleverktøy for å kunne dokumentere kvaliteten på tenestene våre gjennom td. brukarundersøkingar og statistikk.
- Gjennomføre møte med fageiningane for å avklare forventingsavtalar.

REKNESKAP OG ÅRSMELDING EIGEDOM 2009

Avvik:

- Lønnskostnader høgare enn budsjett. Fleire tilsette med uttak av bonus etter fylte 62 år. Dessutan tok ein reinhaldar fagbrev.
- Eigedom fekk ikkje tildelt budsjettramme på brann og ulukkesberedskap 2009.
- Feieutgifter større enn budsjett.
- Vedlikehaldsutgifter større enn budsjett.
- Husleigeinntekter betre enn budsjett.
- Eigedom var offer for svindel. Oppdrag var utført og faktura var "korrekt" men svindel på bakgrunn av endring/sletting av KID nr.

Mål:

- Effektiv organisering av vaktmeistertenestene.
- Prioritere vedlikehaldsbehov/oppgradering av oppvekstsentera 2009.
- Fokus på HMS/friskliv. Tiltak mot psykisk og fysisk stress.
- Ingen restanse på lovpålagte oppgaver/oppgaver på bakgrunn av tilsyn.

Måloppnåing:

Eigedom har fått til ein god og effektiv organisering av vaktmeistertenestene innafør tildelte personalrammer. Det er god balanse innafør områda vedlikehaldsbehov, tenesteyting og kontrolloppgåver/tilsynsoppgåver. Dessutan er personalstaben godt fordelt innafør områda på bakgrunn av fagbrev/kompetanse, helse, ynskje osv.

I 2009 har eigedom prioritert vedlikehaldstiltak på oppvekstsentera. Av større tiltak er:

- Innvending maling/panellakking. Store areal har ubehandla panel.
- Renovering av toalett Ulsåk oppvekstsenter.
- Golvbelegg: Fleire hundre m² golvareal har fått nytt belegg.
- Tileggsisolering/lufting av loftsrom Ulsåk oppvekstsenter. Før tiltak var det og isingsproblematikk, der lange istappar var eit stort problem/risiko.

Avvik:

Arbeidsmengda for vaktmeistarane er stor. Dessutan er ynskja/behova frå verksemdene langt over det både økonomi og personalressursar tillet. Vaktmeistare vert dermed ofte "hoggestabben" for misnøye. Dette har resultert i sjukefråvær.

Etter at vedlikehaldsbudsjett vart redusert med 1/3 under nedskjeringa vinteren 2008, fekk eigedom ei årleg vedlikehaldsramme 2009 på ca. 1.000.000,- (Med fråtrekk av statleg tiltakspakke til renovering av tak HBU) I 2009 har eigedom brukt 836.000,- til uforutsette større tiltak med kostnad over 50.000,- Mindre kostnader som samla vert høge eksempelvis innafør behov røyrliggjartenester, elektrotenester og materiell for vaktmeisterutføring, er ikkje medrekna. Fleire oppgaver har oppstått på bakgrunn av tilsyn, som til dømes krav til berøringsfrie servantar i skule og barnehage (130.000,-)

Eigedom har kvart år fokus og 1 prioritet på gjennomføring av lovpålagte oppgaver og krav frå eksterne tilsynsorgan. Redusert vedlikehaldsramme, samt den store mengda avvik/pålegg, førte til at eigedom ikkje klarte dette i 2009.

Utfordringar i 2010 og vidare i planperioden:

- Det er ei utfordring at:
- Bygningsmassen har auka med 35-40 % sidan 1990-
- Eigedom har 38,- pr m² til vedlikehald. Dette er 1/3 av normtal som t.d. vert anbefalt av FOBE og halvparten eller mindre av det andre Hallingdalskommunane har til disposisjon.
- Bygga har vorte langt meir "tekniske" med til dømes ventilasjonsanlegg, heisar, brannalarmanlegg, nødlýsanlegg etc.
- Kjøp av varer og tenester innanfor bygg har hatt stor kostnadsauke dei siste 10 åra og meir enn generell auke i konsumprisindeksen
- Årlege auke av budsjettramme til vedlikehald har fleire år vore mellom 0 og 2 %. Dessutan vart ramma utanom løn redusert med om lag 30 % vinteren 2008.
- Eigedom har ikkje alltid fått auka vedlikehaldsramme i samband med større utbyggingar. Til dømes gjeld dette utvidinga av HBU.

- Stadig fleire tilsynsorgan og tilsyn/område desse vurderer. Dette fører til aukande behov for kontroll, service, dokumentasjon og pålegg om tiltak. Dette krev igjen meir personalressursar, og ikkje minst økonomiske ressursar.
- Det er eit stadig aukande behov og ynskje om tiltak frå verksemdene.

Eigedom har på bakgrunn av dette ei stor utfordring med prioritering og gjennomføring av naudsynte tiltak. Budsjettramme held snart kun til avvik og lovpålagte oppgåver. Det vil ikkje vera rom for tiltak etter ynskje/behov frå verksemdene. Det er lite ynskjeleg at VVS anlegg må kollapse, avvik/pålegg må skje på elektro, miljøretta helsevesen må koma med avvik/pålegg t.d. på golvbelegg etc., før tiltak vert gjennomført.

HMS arbeid og velferd er viktigare enn nokon gong. Arbeidsmengda er stor, og ekstern frustrasjon for ikkje gjennomførte tiltak, slår ned på personalgruppa. Sjukefråvær vil forverre situasjonen.

Eigedom Hemsedal er ein pådrivar for ytterlegare samarbeid mellom Hallingdalskommunane, FOBE og fylket (BTV) Imidlertid går det tregt på nokre område, og innanfor eigedom er det liten interesse for samarbeid mellom Hallingdalskommunane.

Eigedom vil arbeide for/ynskjer å verta tidlegare/meir involvert i byggeprosjekt. Eigedom meiner det må vera lønsamt å inkludere investeringar som har ei nedbetaling på 0-5 år. Lite døme frå barnehageutbygginga er at straum(lys) ikkje kan slås av med hovudstrøm(lys)brytar, ei investering som truleg ville vore nedbetalt etter nokre veker.

Eigedomsavdelinga si budsjettramme på brann og ulukkesberedskap er 250.000,- lågare/under økonomiplan/budsjettvedtak. Dette er ei vidareføring av feil frå 2009

KULTUROMRÅDET

Kulturområdet femner om musikk- og kulturskule, folke- og skulebibliotek, unge og fritid , lag og organisasjonar og generelle kulturaktivitetar.

Oppvekstområdet består av verksemdene barnehage, grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring.

2 Bemanning gjennom året

Etaten har god kompetanse.

Rekruttering til førskulelærer -og lærarfeltet har dei to siste åra vore ei utfordring, det same gjeld tilgang til søkjarar for rektorstilling.

3 Regionalt arbeid

Det er eit godt samarbeid mellom dei 6 kommunane Hallingdal innan fagfelta Kultur og Oppvekst.

4 Politikk

Hovudutval for Livsløp er etaten sitt fagutval. Utvalet har behandla 30 saker i 2009. Etaten har sekretærfunksjon for Hovudutval for Livsløp, og legg også fram saker til formannskapet og kommunestyret.

5 Generelle avvik

Generelt er det ei utfordring, særleg i oppvekstområdet, å få tilsett vikarar i sjukdomsperiodar gjennom året.

Sjukefråvær i etaten i 2009: 5,7 %

KULTUR

2.1. Mål

- Vi vil ta vare på Hemsedal sin kulturelle identitet
- Det skal vere gode arbeidsvilkår for frivillige lag og gi rom for eldsjeler innanfor kulturtiltak
- Vi skal ha ein aktiv ungdomsklubb som skal gi ungdommen eit rusfritt, variert og positivt fritidstilbod. Klubben skal vere ein arena for sosial aktivitet, arrangement, leik og alternativ sport. Klubben skal leggje særleg vekt på å nå ungdom som av ulike årsaker ikkje tek del i det tradisjonelle fritids- og idrettstilbodet, og ungdom som treng spesiell støtte i fritida
- Slutføre arbeidet om ein felles språk- og leseplan i Hallingdal, eit samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, bibliotek og grunnskule
- Auke bibliotekarstillinga med 20%
- Vi skal ha eit attraktivt folke- og skulebibliotek som er møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling. Biblioteket skal gi tilgang til aktuelt og variert innhald gjennom

konvensjonelle og digitale samlingar. Biblioteket skal vere ein del av eit samarbeidande nettverk som gir brukarane eit likeverdig bibliotektilbod utan omsyn til kvar i landet dei bur

- Alle som ynskjer det, skal få tildelt plass ved musikk- og kulturskulen og det skal leggjast vinn på å gi eit allsidig tilbod
- Få tilsett trommelærar og dramalærar ved musikk- og kulturskulen
- Arrangere små huskonsertar og verkstadkveldar for elevane
- Musikk- og kulturskulen må få installert eit administrasjonsprogram
- Vi skal ha attraktive idretts- og aktivitetsanlegg. Utdeling av kulturmidlar skal utdelast to gonger i året og medverke til god aktivitet i lag og organisasjonar
- Samarbeid mellom kommune og kyrkje må vidareutviklast til fordel for felles arrangement. Kyrkja må vere inkluderande og femne om forskjellige kulturar og gi støtte til enkeltmenneske i ulike livssituasjonar

2.2. Oppnådde mål

- Auke i utlån og besøk tyder at mange fastbuande og tilreisande opplever biblioteket sine konvensjonelle tenester som gode og relevante. Biblioteket fungerer også som ein møteplass/informasjonsarena, serleg for dei som nyleg har flytta til kommunen eller er mellombels busette.
Trådlaus nettilgang gjer biblioteket til ein betre arbeidsplass for studentar og andre som vil bruke eigen pc i biblioteket.
- Aktiviteten i lag og organisasjonar er god. Dette blir også synleggjort gjennom dokumentasjon frå laga ved søknad om kulturmidlar. Kulturmidlane er delt ut to gonger, vår og haust, i tråd med retningslinene
- Våren 2009 vart arbeidet med språk- og leseplanen i Hallingdal ferdig
- Bibliotekarstillinga er auka med 20% frå 1.1.2010, vedteke i kommunestyre i desember
- Hausten 2009 vart det sett i gang eit samarbeid mellom biblioteka i Hallingdal og Hallingdal karrieresenter
- Biblioteket har samarbeidd med ulike lag, organisasjonar og einskildpersonar om møte og arrangement i og utanfor biblioteket
- Det gode samarbeidet mellom biblioteka i Hallingdal held fram. Innføring av nasjonalt lånekort og høve til å låne/levere bøker i heile landet synleggjer at biblioteket er ein del av eit nasjonalt biblioteknettverk
- Administrasjonsprogram for musikk- og kulturskulen er installert og teke i bruk, og alle kommunane i Hallingdal nyttar no same program
- Det er gitt tilbod om opplæring i forskjellige instrument, i dans og drama. I tillegg sel musikk- og kulturskulen timar til skulen på Ulsåk og til Bygdaheimen
- Det er arrangert huskonsertar og verkstadkveldar for elevane
- Vårkonserten vart arrangert flotte innslag for fullsett kultursal
- Det er tilsett trommelærar og dramalærar ved musikk- og kulturskulen
- Hemsedal ungdomsråd vart godkjent oppretta etter vedtak i kommunestyret i desember. Ungdomsrådet vert operativt frå 1.1.2010
- Klubbstyret skal vere med på å pusse opp klubben og gje klubben meir ungdommeleg profil
- I samarbeid med Idrettslaget har ungdomsklubben fått økonomisk støtte til å bygge ei 40m lang bane med hopp for sykkel i nærleiken av klubben
- Fritidsleiar har saman med klubbstyret søkt om og fått midlar til materiale for å ruste opp ein av skaterampane utanfor klubben. Rampa og sykkelbanen er med på å gi eit tilbod til ungdommar som ikkje er med på organisert idrett, men som har lyst til å drive med alternative, sportslege aktivitetar
- Besøkstalet er varierende avhengig andre fritidssyssele som til dømes kveldskøyring i skianlegget og arrangement. Besøkstal er svært bra, frå 17 til 40 unge på fredagar
- Det er ikkje påvist rus blant ungdommar på og rundt klubben

2.3. Avvik

Folke- og skulebiblioteket

- Utvikling av digitale tenester og kompetanseheving i høve til bruk og formidling av både konvensjonelle og digitale bibliotektilbod.
- Kultur- og kunnskapsformidling
strukturering og utvikling av samarbeidet mellom folkebiblioteket og skulebiblioteka.
lgangsetjing av tiltaka i språk- og leseplanen.
Vidareutvikling av bok til alle-verksemda.

Musikk- og kulturskulen

- Vakant stilling. På grunn av sjukdom, er ei av stillingane delvis oppfylt.

2.4. utfordringar

FOLKE- OG SKULEBIBLIOTEKET

- Innhald og tenester
- Innkjøp til og utvikling/vedlikehald av dei konvensjonelle samlingane.
- Utvikling av digitale samlingar/tilbod og kompetanseheving i høve til val og formidling av heile bibliotektilbodet.
- Kultur- og kunnskapsformidling
- Vidareutvikling av biblioteket som ein møteplass og informasjonsarena.
- Samarbeidet mellom folke- og skulebiblioteka.
- Vidareføring av Bok til alle-verksemda.
- Struktur og organisering
- Dra nytte av og bidra til det regionale og nasjonale biblioteknettverket – samstundes som lokale behov vert lagt til grunn for utvikling av bibliotektenestene.

Musikk- og kulturskulen

- Det er stadige utfordringar for ein liten kommune å tilsetje lærarar innan forskjellige fag. Stillingane som er aktuelle er små, og må tilboda leggjast opp litt tilfeldig. Dette kan lett føre til ustabile forhold, noko som sjølvstøtt ikkje er tilfredsstillande.
- Det er nødvendig å vurdere moglegheitene for endring i lokalitetane til musikk- og kulturskulen. Elevar og lærarar ein plass der dei kan skape eit eige miljø, og få større tilhøyring enn slik det er i dag. Fram til at alternative lokale er på plass, må skulen legge forholda best mogleg tilrette for sambruk i lokala ved Hemsedal barne- og ungdomsskule.
- Arbeide for å legge arbeidstilhøva tilrette slik at det blir meir attraktivt å arbeide i musikk- og kulturskulen vår, også for lærarar frå andre kommunar.
- Digitalisering av kinoen medfører at vi må vurdere ei renovering av kultursalen samt tilstøytande lokale.
- Oppstart på arbeidet med ny bygdebok/nye bygdebøker.

Oppvekst

3.1. Mål

Grunnskulen

- Kartlegge den pedagogiske kompetanse i grunnskulen
- Slutføre arbeidet om ein felles språk- og leseplan i Hallingdal
- Vidareutvikle den alternative opplæringa "Inn på tunet"
- Levere gode resultat ved avgang 10.årstrinn
- Rekruttere personale med god kompetanse
- Vidareutvikle eit positivt arbeidsmiljø
- Fullføre matematikksatsing i "Hallingdalsløftet"
- Fullføre språkprosjektet ved Tuv oppvekstsenter
- Administrasjonsprogrammet OPPAD som er felles for alle Hallingdalskommunane skal bli operativt
- Nasjonale prøver: Resultata skal liggje over landsgjennomsnittet.
- Barnehagane
- Utbetre uteleikeplassane
- Opprette og oppretthalde forsvarleg tilbod til barn som treng ekstra hjelp og støtte.
- Ha tilstrekkeleg med barnehageplassar
- Bygging av nye avdelingar.
- Kommunen må tilsette ein barnehagekonsulent
- Utvikling av det pedagogiske tilbodet i Hemsedal
- Ta i bruk Oppad sitt barnehageprogram
- Utså barnehage og skule inn i ei kursrekke om barns språkutvikling og kommunikasjon . Øverby kompetansesenter.

3.2. Oppnådde mål

Grunnskulen

- Våren 2009 vart arbeidet med språk- og leseplanen i Hallingdal ferdig. Hemsedal er leverandør av dei beste 10-klassane til vidaregåande skule i Hallingdal
- Rekrutterte gode lærarar
- "Inn på tunet" er i skuleåret 2009-2010 inne i ei prøvefase som alternativ læringsarena. Dette gir høve til ei betre tilpassa opplæring.
- Medarbeidarar trivest i positivt arbeidsmiljø ved skulane
- Matematikk-satsing i samband med Hallingdalsløftet er fullført
- Gode resultat på elevundersøking
- Nasjonale prøver: i lesing og engelsk ligg Hbu over landsgjennomsnittet, i rekning ligg HBU rett i underkant av landsgjennomsnittet. Hemsedal praktiserer 0-fritak, noko som påverkar resultatet.
- Tilfredstillande resultat på eksamen våren 2009
- Tuv oppvekstsenter har fullført språkprosjektet og arbeider vidare med begrepsopplæring i samarbeid med Statped Nord.
- Ulsåk skule har opparbeidd god kompetanse i språkvanskar. Øverby kompetansenter vert med i spreingsarbeidet ved Ulsåk oppvekstsenter.
- Foreldre ved oppvekstsentra har fått tilbod om kurs og temakvelder.
- Nytt administrasjonsprogram, OPPAD, er teke i bruk også med registrering for SFO søknad og innskriving av 1. klasse på nett

Barnehage

- Barnehagane har fått innvilga ressursane til eit forsvarleg tilbod til barn som treng ekstra hjelp og støtte.
- Oppad er no oppe og går som barnehageprogram.
- Ved hovedopptaket fekk alle som ynskja plass, tilbod om plass.
- To nye barnehageavdelingar på Tuv og Ulsåk vart tatt i bruk frå hausten 2009.
- Arbeidsplassar og nytt personalrom for personalet i Ulsåk barnehage er på plass.
- Tuv barnehage: Kompetanseheving språkprosjekt saman med Tuv skule, Tidleg registrering av språkvanskar er avslutta, men arbeider vidare med begrepsopplæring i skule og barnehage.
- Våren 2009 vart arbeidet med språk- og leseplanen i Hallingdal ferdig
- Nytt administrasjonsprogram OPPAD teke i bruk for opptak av barn i barnehage

3.3. Avvik

Grunnskule:

- Stor arbeidsmengd i periodar for rektor og vanskar med å få avspasert
- Etterslep for vaktmeisteroppgåver på Tuv og Ulsåk
- Leikeklassen ved Tuv skule er ikkje godkjent jf Miljøretta helsevern
- Manglar overordna planar for kvalitetssikring av opplæringa
- Manglande plan for oppfølging av leiarar i bruk av kommunale internsystem
- Ubesett stilling som rektor ved Ulsåk skule. Konstituering gjennom året 2009
- Sjukmeldingar og mange enkelte fråversdagar ved oppvekstsentra påverker stabilitet i pedagogisk opplegg og går særleg ut over sårbare grupper av elevar.
- Arbeidet med kartlegging av den pedagogiske kompetansen i grunnskulen er ikkje ferdig
- Barnehagane
- Det vart eit overskot på budsjettet for barnehagane. Dette kom av at det kom meir øyremerka skjønnsmidlar til barnehagane enn det var budsjettert med. Dette er midlar som må setjast på driftsfond til barnehagane for å sleppe å betale attende til staten og dette er gjort.
- Avdeling Veslehødn er dårleg eigna som barnehageavdeling, både i forhold til rom og isolasjon i golv og vegger. (både romforhold og isolasjon i golv og vegger.

Utfordringar

Grunnskule

- Utarbeide plan for etter – og vidareutdanning jamfør kompetansekartlegginga.
- Vidare kompetanseheving for lærarar i IKT og basisfag.
- Behalde lærarar og fagarbeidarar
- Rekruttere av lærarar og leiarar
- Betre arbeidsvilkår for skuleleiarane
- Redusere etterslep av overført ferie og avspasering
- Betre parkeringstilhøva ved Tuv og Ulsåk oppvekstsenter
- Manglande grupperom ved Tuv skule
- Innføring av digitale tavler ved alle skulane
- Innføre undervegsvurdering for 1.-7. trinn
- Ferdigstille arbeidet med kompetansekartlegginga for grunnskulen. Denne kartlegginga vil danne grunnlaget for ein opplæringsplan
- Oppretthalde det pedagogiske tilbodet til barn med særskilte behov og vera nytenkande i form og innhald.
- Etablere spesialpedagogisk team i samarbeid med PP-tenesta, grunnskule, barnehage og helsestasjon.
- Utarbeide klare målsetjingar for minoritsspråklege barn som skal lære grunnleggjande norsk.
- Utbetre IKT-løysningar og maskinparken
- Fullføre parkeringsområdet for tilsette ved Tuv skule med fleire parkeringsplassar
- Syte for trygg trafikkavvikling rundt Ulsåk- og Tuv oppvekstsentra jf Trafikktryggleiksplanen.
- Utnytte sentralbordløysinga slik at folk som ringjer til skulane, får svar.
- SOL-prosjektet, systematisk observasjon av lesing). Eit verktøy for leseutvikling.
- Hbu har for skuleåra 2009-2010, 2010-2011 og 2011-2012 tre lærarar tilknytta dette prosjektet.
- Vidareføre "Inn på tunet" 2010-2011.
- Nasjonale prøver: Betre resultat i rekning. HBU skal liggje over landsgjennomsnittet.
- Vernetenesta ved har ikkje fungert dei siste tre-fire åra. Verneombod skal veljast i februar 2010, revisjon og vernerunden skal gjennomførast som eit ledd i kvalitetesarbeidet.
- Samarbeidsutvalget har ikkje vore etablert dei siste tre åra. Utvalget skal etablerast att i februar 2010.
- Branntilsynet avdekte nokre mindre avvik i 2008. Avvika vart ikkje utbetra i 2009. HBU har hatt nytt tilsyn desember 2009. Resultatet viser nokre mindre avvik. Dette vil bli fylgt opp våren 2010.
- Systematisk brannøving og brannrundar med ansette vil bli gjennomført i 2010.
- Tverrfagleg samarbeid i Koordineringsgruppa vil bli vektlagt i 2010.
- HBU er sprengt kapasitetsmessig. Det er for skuleåret 2009-2010 i gjennomsnitt 31 elevar pr. trinn. Med aukande behov for undervisning i 1-1 og små grupper har me i dag ei underdekning på små grupperom.
- Frå 2008 vart det innført to timar ekstra gym på 5-7 trinnet. Timane er ikkje lagt inn i årets skulerute. Konsekvensen av dette vert innføring av 5 dagars skule frå hausten 2010.
- Ferdigstille utområda

Barnehagane

- Parkeringsplassar til personale og foreldre
- Rekruttere tilstrekkeleg pedagogar i faste stillingar og vikariat
- Betre kapasiteten på vaktmeistertenesta – for få ressursar
- Arbeidsmengde for styrarar, Hemsedal har store barnehagar som fyller meir enn 100% stilling. (Over 4 avdelingar er det vanleg å setja inn assisterande styrar)
- I tillegg har styrarane ansvar for kommunen sin administrative del. (barnehagemyndigheit etter barnehagelova.)
- Dette er eit arbeid som tek relativt mykje tid av styrarjobben, og som aukar arbeidsmengda forholdsvis mykje samtidig som styrarane ofte kjem i dobbeltroller.
- Barnehagane har til saman ca 40 tilsette, der dei fleste er kvinner. Barnehagen har eit forholdsvis stort fråvær, om ikkje det er så mange sjukemeldingar er det mange eignemeldingar på enkelt dagar på eigen og barns sjukdom.
- Utfordringa er då mange vikarar inn og belastande for dei avdelingane som har mykje bruk av vikar.
- Innflyttarar til Hemsedal som ikkje kan norsk, spesielt barn frå dei baltiske statane. Desse følgjer det ikkje med noko tilskot til barnehagen.
- Utarbeide klare målsetjingar for minoritsspråklege barn som skal lære grunnleggjande norsk.
- Manglande grupperom ved Tuv Oppvekstsenter etter at vi fekk eiga gruppe frå asylmottaket
- Vidareføring av avdeling Skadvin ved Tuv samt vurdere nye tiltak for veksande behov for

barnehageplassar i kommunen

- Utarbeide ny barnehageplan 2011-2015

HELSE, OMSORG, BARNEVERN OG NAV

INNLEIING

Årsmeldinga omfattar:

- ansvar 2700-2720, institusjonsbasert teneste, inkludert institusjonskjøkken, vaskeri, heimebasert teneste.
- ansvar 2500 miljøretta helsevern, legetenester, legevakt, helsestasjon inkludert jordmorteneste, førebyggjande helsearbeid, fysioterapi
- ansvar 2600 sosial og barnevernsteneste.

Frå 2009 vart pleie og omsorg og helse slått saman til helse- og omsorgsetaten. Inntil felles barnevern for Hallingdal er etablert ligg barneverntenesta også under helse og omsorgsetaten. NAV rapporterer til ei styringsgruppe som består av Rådmann og regionsdirektør for NAV. Budsjettmessing eksisterar dei gamle etatane, pleie og omsorg og helse og sosial.

Årsmeldinga for 2009 er delt i tre, ein del omfattar helse og omsorgsetaten, ein del omfattar barnevernsteneste og ein del som omfattar NAV.

Under kapittel mål 2009 for helse og omsorgsetaten vil det vere eit målområde for pleie og omsorg og eit målområde for helse og sosial. Under kapittel måloppnåing og avvik er dette samanfatta for helse og omsorgsetaten.

2.1 Generelt

2.1.1 Bemanning gjennom året

Det er god fagdekning og kompetanse i etaten. Frå mai 2009 vart etaten styrka med 100% stilling som fysioterapeut/aktivitør. Frå april vart 50 % stilling som frisklivskoordinator oppretta som fast stilling. Barnevern vart styrka med 50 % stilling som barnevernskonsulent. I samband med etablering av asylmottak vart helsestasjonen styrka med 100 % stilling som helsesøster. I tillegg er det sett av 3 timar pr veke for kommunelege- asylmottak.

Det er ein stabil arbeidstokk, og det har vore lett rekruttere til stillingar innan etaten som har vore ledige. Det har og vore god tilgang på tilkallingsvikarar og ferievikarar.

2.1.2 HMS arbeid

Etaten har eit høgt nærvar. Det var totalt eit sjukefråvær i 2009 på 4,8 % for helse- og omsorgsetaten, barnevernstenesta og NAV.

Etaten har eit eige ryggombod som hjelper til ved opplæring og bruk av tekniske hjelpemiddel.

Det er fleire personar som har seniorpolitiske tiltak.

På Bygdaheimen har dei tilsette eit eige treningsrom. Det er ei eige linedance gruppe som er open for alle tilsette i kommunen.

Auka bemanning ved Helsesenteret dei siste åra har ført til mangel på kontorplassar. Det er viktig for fagmiljøet og effektiv tenesteytinga med størst mogleg samlokalisering av tenestene.

2.1.3 Beredskapsarbeid

Smittevernplan, helse- og sosial beredskapsplan og sorg og kriseplan er revidert i 2009.

Det er ei utfordring å ha tilstrekkeleg med senger til beredskap ved ulykker og katastrofar.

Det manglar ROS analyser på ein rekkje områder.

2.1.4 Andre planar

Det har berre vore jobba med kommuneplan – samfunndel.

2.1.5 Regionalt samarbeid

- Samarbeid mellom Hallingdalskommunane og Ringerike Sjukehus HF -kompetanseutveksling mellom sjukehus og kommunar
- Samarbeidsutval mellom Hallingdalskommunane og Ringerike Sjukehus
- Termikk og lindrande behandling. – samarbeidsprosjekt i Hallingdal .
- Samarbeid med Hallingdalskommunane og Kommunanes opplæringskontor i Buskerud om lærlingar innan Helsefagarbeiderfaget.
- Samarbeidsavtale knytta til brannvern og tryggleiksjekk hjå brukarar i heimetenesta i kommunane i Hallingdal.
- Interkommunalt nettverk/fagmøter – psykisk helse, jordmor, Friskliv, helsesøster, helseleiarar og omsorg.
- Interkommunalt samarbeid om IKT- løysingar.
- Rekruttering-patruljen innan helsefagarbeidaryrket i Hallingdal.
- Prosjekt lokalmedisinsk senter
- Forprosjekt – ambulant team innan psykisk helse
- Felles jordmorvakt i Nedre Hallingdal
- Felles legevakt med Gol, felles nattlegevakt i Hallingdal

2.1.6 Politikk

Hovudutval for Livsløp er etaten sitt hovudutval.

Klientutvalet er klageorgan etter lov om sosiale tjenester, lov om barnevernstjenester og kommunehelsetjenestelova.

2.1.7 Vi er stolte av

Dei ulike einingane i etaten samarbeider godt og kan raskt tilpasse tenestene ut i frå dei utfordringane ein til kvar tid står ovanfor. Ved gjennomføring av massevaksinasjon stilte både personell frå

helsestasjon, legeteneste, pleie og omsorgsteneste opp slik at tilbud om vaksinasjon kunne starte så raskt kommunen fekk tilgang på vaksiner. Mellom anna vart innbyggjarar i risikogrupper ppringt å varsle om tilgang på vaksine. Ambulansepersonell hadde undervisning i oppliving og førstehjelp for dei som venta på å bli vaksinert.

Rekruttering-patruljen innan helsefagarbeidaryrket har fungert godt i Hallingdalskommunane. Dei gjorde eit flott arbeid i høve til å gjera arbeidsplassane innan omsorg kjende og attraktive. Dei deltok med stand ved markering av Helsedirektoratet sin satsing i for rekrutteringsarbeidet innan helsefag.

Personalet i møtet med brukarene og nytt personale, samt deira engasjement i jobben.

2.2 MÅL 2009

2.2.1 Pleie og omsorg

- Ha tilstekteleg tilbud med korttidsplassar, rehabiliteringsplassar avlastingsplassar, dagplassar med aktivitetstilbod og butilbod til eldre og personar med nedsett funksjonsevne tilpassa deira funksjonsevne, samt tilby gode formålstenelege rom for lindrande behandling.
- Ha tilstrekkeleg og rett personalressursar samt oppretthalde, styrke og vidareutvikle kvaliteten og kompetansen på tenestene for å møte dei nye utfordringane pleie og omsorgstenesta står ovanfor. Styrke kompetansen og kvaliteten gjennom fagutvikling, kvalitetsutvikling, kompetanseplanar, internopplæring, e-læring, studiesirklar med vidare.
- Aktivt samarbeide mellom første og andre line tenesta, på tvers av etatar og mellom kommunane i Hallingdal med tanke på kompetanseutveksling, oppgåveløysing og for å betre kvaliteten på tenestene mellom anna innan følgjande områder:
 - rehabilitering
 - alderspsykiatri
 - Demens
 - lindrande behandling og omsorg ved livets slutt
- Eit helsefremjande perspektiv på dei tenestene som kommunen tilbyr innan ernæring, variert aktivitetstilbod, pådrivar for å sette i verk sosiale og kulturelle tiltak, oppsøkjande tenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
- Ha fokus på brukarmedverknad og godt samspel mellom tenesteytar, tenestemottakar og pårørande.
- Byggje opp eit internkontroll/ kvalitetsystem som tilfredstiller krav frå ulike myndigheiter, tilsette og brukarar
- Arbeide systematisk med kvalitetsforbetring samt utvikle måleverktøy for å kunne dokumentere kva for kvalitet det er på tenestene våre gjennom brukarundersøkingar, statistikk eller å utvikle eigne kvalitetsindikatorar.
- Aktivt bruke tiltaksplanar, Iplos og individuelle planar i det daglege arbeidet kunne betre kvaliteten på arbeidet i tillegg til at brukarane lettare kan lettare vite kva forventningar dei kan ha til tenestetilbodet.
- Systematisk arbeid med ein god personalpolitikk for å ta vare på og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø, kompetanse, rekruttere og behalde arbeidsplassar, inkludert å byggje opp og tilby gode lærlingplassar.
- Vidareutvikle eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Utvikle gode koordinerte og samordna tenester for personar med nedsett funksjonsevne.
- Utarbeide gode delplanar og handlingsplanar for aktuelle tenesteområder.

2.2.2 Helse- og sosial

- Arbeide vidare med utarbeiding og iverksetting av eit system for kvalitetskontroll for sosial og barnevernstenesta gjennom kvalitetskommuneprogrammet
- Opning av nytt NAV-kontor i juni, med alle dei utfordringar det byr på – nye arbeidsområde/brukargrupper, nye arbeidsmetodar, ny kultur, felles leining helse og sosial/ NAV(stat og kommune)
- Vera pådrivar for å få til eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeide.
- Utarbeide ei god og hensiktsmessig organisering av kommunens tenester som ivaretek dei funksjonshemma sine behov.
- Ivareta sikkerheten til dei tilsette.
- Unngå langtidsklientar
- Skaffe nok bustadar for sosialt vanskelegstilte og flyktningar som etter kvart skal ut av kommunale bustadar.

- Skaffe nok og egne tiltaksplassar for sosialt vanskelegstilte og flyktningar som fell utanom det ordinære arbeidslivet og andre offentlege ordningar.
- Det har vori ei sterkt og stadig aukande brukargruppe innan sosial og barnevern dei siste åra, unge rusbrukarar. Vi må utvikle gode og effektfulle arbeidsmetodar og tiltak for denne gruppa.
- Kompetanseheving i forhold til NAV-reformen, funksjonshemma brukarar og rus.

2.3 MÅLOPPNÅING

Det har vore så å seie fullt belegg på sjukeheimen, og dei som har hatt behov for kortidsplassar, rehabiliteringsplassar avlastingsplassar har fått plass ved behov. Dette viser seg i statistikk frå Ringerike sjukehus der ingen utskrivingsklare pasientar har blitt liggjande frå Hemsedal kommune. Styrkinga av fysioterapitenesta har ført til ei betre opptrening og rehabilitering. Det er og innarbeid trening 3 dagar i veka for bebuarane som er eit populært aktivitetstiltak.

Hemsedal kommune har god fagdekning på dei fleste fagfelta. Det blir viktig med ei gjennomgang av kva for kompetanse Hemsedal vil trenge for å møte dei nye utfordringane med samhandlingsreformen. Det er starta studiesirkel innan Demensomsorgens ABC og Eldreomsorgens ABC. Det vart forsøkt å få i gang vidareutdanning innan rehabilitering for fagarbeidarar i Hallingdal, men det var for få påmeldte. Det er etablert ei ernæringsgruppe i pleie og omsorg. 3 personar har vore på utdanning innan kartleggingsarbeid for demente. Medlemmar i fleirfagleg team har og gjennomført saksbehandlingskurs med vekt på helse og omsorgstenestene. To personar har starta med vidareutdanning innan psyksisk helse. Det er ingen frå Hemsedal som tek desentralisert sjukepleiarutdanning som er eit samarbeidsprosjekt mellom Folkeuniversitet, Diakonhjemmet og Hallingdalskommunane.

Det er etablert eit kompetanseutval i Hallingdal. I tillegg tilbyr undervisningssjukeheimen på Ål høve til kurs, hospitering m.m. Det vart forsøkt å få i gong vidareutdanning innan rehabilitering i Hallingdal, men det meldt seg for få deltakarar. Det blir og jobba med å få i gong desentralisert vernepleiarutdanning.

Kommunen har eige institusjonskjøkken med god fagdekning som gir bebuarane og andre brukarar eit godt tenestetilbod. Friskliv tilbyr Bra mat kurs. Det er etablert ei eigen ernæringsgruppe i helse og omsorg. Hemsedal har fått midlar gjennom den kulturelle spaserstokken. Det er etablert ei samarbeidsgruppe med representantar for eldreråd, eldrelag, historielag, frivillighetsentralen, ulike einingar i kultur og oppvekstetaten. Det har vore arrangert kinodag for eldre, og ulike kultur arrangement på Bygdaheimen som har vore open for alle. På Bygdaheimen er det og ei eigen aktivitetsgruppe som arrangerer sosiale aktivitetar på Bygdaheimen eller turar for bebuarane. Det er etablert eit samarbeidsprosjekt med Hallingdal brann- og redningsteneste og heimetenesta der heimetenesta gjennomfører ei brannsikringskartlegging for alle brukarar av heimestenesta

Ved utforming av tenestetilbodet blir det lagt vekt på kva brukar og pårørande ønskjer. Det er få klagesaker på tenestene og ingen klager på helsepersonell. Det er viktig å ha kontinuerlig fokus på kvaliteten på tenesta, brukarmedverknad, og lovverk kring dette.

Det har vore gjennomført systematisk internopplæring for alle tilsette for å bruke fagssystem, tiltaksplaner og Iplos. Det er utarbeidd ein felles mal for individuelle planar som blir nytta når det er brukarar som har behov for tverrfaglege tenester og samansette behov. Det er framleis eit forbetningspotensiale i å bruke desse verktøya systematisk i det daglege arbeidet.

Gjennom nærværprosjektet kvalitetskommuneprogrammet vart det sett fokus på å ta vare på og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø. Dette må det arbeidast kontinuerleg og systematisk med både for å rekruttere og for å behalde dyktige medarbeidarar. Hemsedal er og med i rekrutteringspatrulje for helsefagarbeidaren. Desse flotte representantane viser eit entusiastisk engasjement for å rekruttere unge til ei å ta ei utdanning i eit yrke der vi om få år vil trenge fleire varme hender og dei er med på å styrke omdømmet til tenesta. Tilsette har gått kurs slik at vi kan ta i mot lærlingar i helsefagarbeidet, men vi fekk ingen lærlingar i 2009.

I 2009 vart det etablert ei ordning der frivillige kvar fredag kjem med ei handlevogn, og besøker alle bebuarane på Bygdaheimen. Det vart inngått ad hoc avtale med Lions og frivillighetsentralen om å stille opp for eldre og personar med nedsett funksjonsevne som trengte hjelp med fyring i kuldeperiodar. Røde kors var og klar til å stille med personell ved behov ved massevaksinasjon. Elles er det ei rekkje lag, organisasjonar og enkeltpersonar som underheldt for bebuarane på Bygdaheimen, eller tek initiativ og hjelper til ved turar.

Fleirfagleg team har etablert seg med faste møtetidpunkt for å tildele tenester til personar som har behov for samordna tenester.

2.4 AVVIK

Det er mangel på butilbod til eldre og personar med nedsett funksjonsevne som tilpassa deira funksjonsevne, Bygdaheimen har ikkje eigne rom som er avsett til korttids-, rehabiliteringsplassar og det er samt tilby gode formålstelelege rom for lindrande behandling. Det vart sett ned ei prosjektgruppe som skulle vurdere utbygging av omsorgsbustader. Det vart konkludert med at det måtte bli utarbeidd ein temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehuset og helsesenteret. Dette arbeidet er planlagt starta i 2010

Det er ei utfordring for ei lita kommune å ha tilstrekkeleg og rett kompetanse å tilby for personar med samansette behov. Hemsedal har ei utfordring i å ha gode koordinerte og samordna tenester for personar med nedsett funksjonsevne.

Det har ikkje vore tilstrekkeleg med ressursar til å jobbe systematisk med kompetanse- og fagutvikling, eller til å nytte seg av internopplæring og e-læring.

Det er manglar eit funksjonelt oppdatert internkontroll/ kvalitetssystem som tilfredstiller krav frå ulike myndigheiter, tilsette og brukarar. Hallingdalskommunane har eit prosjekt om innkjøp av eit felles kvalitetssystem der rutinar, planar, reglement, avvikshandtering, ROS analyser blir systematisert for alle tenester.

Det har ikkje vore tilstrekkeleg med ressursar til å arbeide systematisk med kvalitetsforbetring. Kommunen er blitt med i Bedre kommuner, men har måtte utsette både brukar og medarbeiderundersøkingar til 2010 på grunn av kapasitetsproblem

Med dei store utfordringane som ligg fram for tenesta med samhandlingsreformen må det jobbast meir systematisk med kompetansekartlegging og kompetansehevande tiltak. Tilsette må motiverast til å ta nødvendig vidareutdanning. Gjennom kartlegging i 2009 viser det seg at det er fleire tilsette som jobbar uønska deltid og som ønskjer seg opp i stilling

Det er fleire delplanar og handlingsplanar for aktuelle tenesteområder som burde ha vore utarbeidd.

Det vart i 2009 jobba med å få i gang eit prosjekt med ambulant team innan psyksisk helse som tidlegast vil kome i gang i 2010. Flå, Nes Gol og Hemsedal søkte på midlar for ei prosjektstilling som kommunepsykolog, men prosjektet fekk ingen støtte i 2009.

2.5 MÅL og UTFORDRINGAR

2.5.1 Fokusområde 2010 :

- Samhandlingsreformen- kva for moglegheiter og utfordringar gir dette? Hemsedal må samarbeide med andre kommunar for å sjå på framtidig oppgåveløysing og støtte opp om prosjektet lokalmedisinsk senter
- Å jobbe med kvalitetssikring, internkontrollsystem, kvalitetsindikatorar, planar og fagutvikling og HMS arbeid.
- Vurdere organisering og betre samordning av tenester personar med nedsett funksjonsevne og personar som har omfattande behov for teneste
- Opprette og vidareutvikle dagsenter, med gode aktivitetstiltak, styrke kultur og aktivitetstilbod og trening for eldre, bebuarar og personar med nedsett funksjonsevne, og der Inn på Tunet kan vere eit av tilboda.
- Styrke og samaordne det førebyggjande arbeidet for barn og unge
- Legge til rette for at brukarane ved Bygdaheimen, pleie og omsorg og psykisk helse skal få eit tilrettelagt aktivitetstilbod og høve til trening i lokalar og utemiljø ved bygdaheimen.
- Fullføre forprosjekt om utbygging av omsorgsbustader jf kommunestyrevedtak 09/19 som inkluderer ein temaplan for området rundt Bygdaheimen, kommunehuset og helsesenteret som eit område for bu- og behandlingssenter.
- Vurdere ressursbehov i høve behov og omfang for tenester. Dette gjeld spesielt fysioterapi, jordmornesete og psykisk helseteneste.
- Vidareutvikle eit førebyggjande perspektiv på helse og omsorgstenesta, innan friskliv, førebyggjande arbeid for barn og unge.
- Som eit ledd i førebyggjande arbeid og informasjon om tenestetilbodet skal organisering, omfang og kostnader ved å byggje opp ei teneste med oppsøkjande heimebesøk til alle over 75 år utgreiast.
- Prosjekt med ambulant team i Hallingdal, og søkje prosjektmidlar til kommunepsykolog

- Redusere talet på ufrivillig deltid, og å jobbe med å redusert dei mange ulike stillingsbrøkane for dei som arbeider turnus.
- Systematisk arbeid med ein god personalpolitikk for å ta vare på og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø, kompetanse, rekruttere og behalde arbeidsplassar, inkludert å byggje opp og tilby gode lærlingplassar
- Det må arbeidast med å få til ei intensjonsavtale med frivillige lag og organisasjonar om vedlikehald av sansehage

2.5.2 Andre mål og utfordringar

- Ha tilstekteleg tilbod med korttidsplassar, rehabiliteringsplassar avlastingsplassar, dagplassar med aktivitetstilbod og butilbod til eldre og personar med nedsett funksjonsevne tilpassa deira funksjonsevne, samt tilby gode formålstenelege rom for lindrande behandling.
- Ha tilstrekkeleg og rett personalressursar samt oppretthalde, styrke og vidareutvikle kvaliteten og kompetansen på tenestene for å møte dei nye utfordringane helse og omsorgstenesta står ovanfor. Styrke kompetansen og kvaliteten gjennom fagutvikling, kvalitetsutvikling, kompetanseplanar, internopplæring, e-læring, studiesirkklar med vidare.
- Aktivt samarbeide mellom første og andre line tenesta, på tvers av etatar og mellom kommunane i Hallingdal med tanke på kompetanseutveksling, oppgåveløysing og for å betre kvaliteten på tenestene mellom anna innan følgjande områder:
 - rehabilitering
 - alderspsykiatri
 - demens
 - lindrande behandling og omsorg ved livets slutt
 - helsefremjande og førebyggjande perspektiv på tenestene,
 - psykisk helse
- Sikre at det er rett kvalitet, tilgjenge og nivå på tenestetilbodet, ved at brukarar får medverke ved utforming av tenestetilbodet, tiltrekkleg med ressursar til fagutvikling og kvalitetssikring, og å utvikle måleindikatorar som kan nyttast som styringssignal i utvikling av tenestene
- Aktivt arbeide for å vidareutvikle tverrfagleg og interkommunalt samarbeid samt samarbeid med spesialisttenesta med tanke på fag- og kompetanseutvikling og utvikling tenestetilbod.
- Ha gode delplanar og handlingsplanar for aktuelle tenesteområde slik at desse blir gode arbeidsverktøy, og sørgje for at planar blir revidert i samsvar med samfunns- og tenesteutviklinga .
- Aktivt bruke tiltaksplanar, Iplos og individuelle planar i det daglege arbeidet kunne betre kvaliteten på arbeidet i tillegg til at brukarane lettare kan lettare vite kva forventningar dei kan ha til tenestetilbodet.
- Vidareutvikle eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Legge til rette for tilrettelagte aktivitetar, kulturtilbod og inkludering av dei som av ulike årsaker ikkje nyttar det fritids- og kulturtilbodet som finnest i kommunen.
- Eit helsefremjande perspektiv på dei tenestene som kommunen tilbyr innan ernæring, variert aktivitetstilbod, pådrivar for å sette i verk sosiale og kulturelle tiltak, oppsøkjande tenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
- I samarbeid med andre einingar i kommunen eller andre kommunar få til tilfredstillande logopeditenester for dei som treng det til rehabilitering., samt vidareutdanne helsepersonell innan rehabilitering.
- Vidareutvikle fleirfagleg team for tildeling av helse- sosial og omsorgstenester
- Som eit ledd i førebyggjande arbeid og informasjon om tenestetilbodet skal organisering, omfang og kostnader ved å byggje opp ei teneste med oppsøkjande heimebesøk til barnefamiliar som har behov for det utgreiast.
- Søkje på eksterne midlar som den kulturelle spaserstokken, prosjektmidlar til kompetanseheving, Inn på Tunet, m.v
- Støtte rekrutteringspatrulja for helsefagarbeider i arbeidet med å rekruttere helsefagarbeider til pleie- og omsorgsyirket.
- Revidere plan for legetenesta ved sjukeheim, samt vurdere om det er behov for å auke talet på bunden og ubunden tid for tilsynlege.
- Gjennomføre ROS analyser på viktige områder innan beredskapsplanar. Sikre at relevant personell er oppdatert i sin rolle i høve til brann, beredskap og evakueringsplanar
- Få definert kva for tenester utanom heimehjelp som skal/bør bli tilbydd under omgrepet praktisk bistand i sosialtjenestelova § 4-2.

2.6 DEI ULIKE EININGANE i helse- og omsorgsetaten

2.6.1 Heimetenesta

Heimetenesta tilbyr varierte og individuelt tilpassa tenester med høg fagleg standard til brukarane i Hemsedal kommune. Tenesteomfanget blir utforma etter brukarane sine behov for tenester til einkvar tid. Det er god fagdekning med sjukepleiarar, hjelpepleiarar og miljøarbeidarar/assistentar. Det er 15 årsverk.

Heimetenesta har i 2009 organisert tenester med:

- Heimesjukepleie til 81 vidareførte og nye vedtak/brukarar
- Heimehjelp til 59 vidareførte og nye vedtak/brukarar
- Matombringing til 13 brukarar i løpet av året
- Tryggleiksalarm til 27 brukarar
- Omsorgslønn til 2 mottakarar
- Brukarstyrt personleg assistent til 0 mottakarar
- 12 omsorgsbustader /trygdebustader med 100% dekkingsgrad
- 8 brukarar med dagplass på Bygdaheimen
- PU-brukarar

Heimetenesta ingen vedtak på brukar som det utøves tvang etter sosialtenestelova §4a eller pasientrettighetslova §4a.

Mål- utfordringar 2010

- Behovet av omsorgsbustad har gjennom 2009 vart stort og det er mange som ventar på at det skal bli ein ledig omsorgsbustad.
- Fleire og meir resurskrevjande brukarar pga tidleg utskriving frå sjukehus mm.
- Fleire brukarar som har behov før koordinerte og fleirfaglege tenester.
- Det er venta at talet på mottakarar av omsorgsløn/BPA vil auke i 2010.

2.6.2 Bygdaheimen

Tilbyr avlastnings- og rehabiliteringsopphald, andre korttidsopphald, tryggingss plassar, dag,- nattopphald og langtidsopphald. Det var totalt 7757 liggjedøgn og gjennomsnittsalderen er på 85 år. Det er totalt 22 årsverk.

Det har vore så å seie full dekking på sjukeheimsplassar.

Det er mange enkeltpersonar, lag og organisasjonar som kjem på besøk, underheld eller på annan måte bidreg til trivsel og glede for våre bebuarar på Bygdaheimen. Det er eit samarbeid med musikk og kulturskulen som kjem på Bygdaheimen kvar tysdag har allsong på Bygdaheimen. Barnehage og skule er ved jamne mellomrom på besøk.

Mål – utfordringar 2010

- Fleire og meir resurskrevjande brukarar pga tidleg utskriving frå sjukehus mm.
- Fleire brukarar som har behov for koordinerte og fleirfaglege tenester.
- Det manglar fagkompetanse på enkelte området

2.6.3 Helsestasjon

Helsestasjon omfattar av helsestasjonsteneste, jordmorteneste, skulehelseteneste, ungdomshelsetenest. Frå hausten 2009 yter og helsestasjonen tenester til asylmottak. Det er totalt 2.6 årsverk ved helsestasjon og 0.5 årsverk ved jordmortenesta. Det har vore ei sterk auke i talet på gravide (49 nyinnskrivne) og nyfødde (32 fødde).

Det har vore eit aktivt år med mange nye utfordringar for helsestasjonen. Nye rutinar og tenester måtte byggjast opp ved at det vart etablert asylmottak i Hemsedal. Dette er ei teneste som må tilpassast heile tida ut i frå behovet til bebuarane ved mottaket.

Mottkontaktane har ikkje blitt nytta slik intensjonen var og Mot- programmet blir avslutta som eit førebyggjande tiltak.

Mykje ressursar gjerke med til planlegging og gjennomføring av massevaksinasjon på grunn av det nye influensa H1N1.

Det er eit fast opplegg med ICDP grupper for alle som har født barn.

Ein person har starta på Tverrfaglig vidareutdanning psykososialt arbeid for barn og unge”

Avvik

- Det har ikkje vore kapasitet til å følgje Skolehelseteneste ”programmet” før jul
- Tematreff, fødselsførebuande kurs, godt samliv vart ikkje gjennomført på hausten

Mål og utfordringar 2010

- Helseføretaka skal overta ansvar for følgjeteneste for fødande og bakvakt for jordmødrer. Kva for konsekvensar dette vil få for økonomien, omfanget av tenesta og kva for avtaler som vil bli inngått er enno ikkje avklara.
- Det er ei stor belastning på jordmorstillinga Det er ei sterk auke i talet på gravide og nyfødde. Det er mange gravide og nyfødde barn på asylmottaket. På grunn av kultur og språkbarrierar må det brukast meir ressursar der. Mor og nyfødde kjem tidlegare heim frå sjukehus og treng meir oppfølging heime. Dette er ei større arbeidsbelastning for distriktskommunar som på grunn av reiseavstand ikkje kan nytte spesialisthelsetenesta i same grad som nærkommunane.
- Auken i fødslar fir og ei auka behov for helsestasjonstenester. Dette gjeld spesielt første leveår der det er lagt opp til 11 kontaktar i løpet av året.
- Det bør leggjast vekt på tidleg førebygging og meir rådgjeving for småbarnforeldre.
- Tilpasse, vidareutvikle og helsetenesta og rutinar for bebuarar ved asylmottak og busette flyktingar ut i frå behovet til brukarane.

2.6.4 Fysioterapi

Fysioterapitenesta har lokalar på Helsesenteret og Bygdaheimen. Fysioterapien består i dag av følgjande 200 % stilling som kommunefysioterapeut, 50 % stilling som frisklivsordinator, 50 % privatpraktiserande fysioterapeut på driftstilskott.

Fysioterapien har og ansvar for å søkje hjelpemidlar til pasientar. Det er eit samarbeid med vaktmeister om utkøyring, klargjering, vedlikehald og retur av hjelpemidlar. Det er eit samarbeid med kjøkken/vaskeri om reinhald av hjelpemidlane.

Grunna svært stor pasientpågang dei siste to åra har ein opparbeidd seg lange ventelister ved fysioterapien på Helsesenteret. Som eit tiltak for å redusere ventelisteproblematikken har ein i delar av 2009 brukt 40% av fysioterapistillinga ved Bygdaheimen til å ta unna pasientar som står på ventelista. I tillegg har den private fysioterapeuten i ein periode hatt auka driftstilskott for å avhjelpe situasjonen. Frå mai 2009 til utgongen av desember var ventelista redusert frå 53 til 22 pasientar. Pasientar med akutt behov for fysioterapi kjem rett inn til behandling, eksempelvis ortopedi, barn og slagpasientar.

Avvik

Bygdaheimen fått mindre fysioterapiressurs enn ønskeleg i 2009. Det har blitt nedprioritert arbeide med å etablere og utvikle aktivitetstilbod og førebyggjande tiltak til eldre og personar med nedsett funksjonsevne for å få prioritere lovpålagt helsehjelp og få ned talet på ventelister.

Mål - utfordringar 2010

- Redusere talet pasientar på venteliste
- Opprette dagtilbod – dagsenter på Bygdaheimen - fokus på førebyggjande helsearbeid og fysisk aktivitet
- Legge til rette for rehabiliteringsopphald for pasientar ved Bygdaheimen
- Betre rutinar og vedlikehald av det lokale hjelpemiddellageret
- Delta og utvikle demens- og rehabiliteringsteam i kommunen

Friskliv

Mål 2009:

- Få i gang prosjekt treningskontaktstilbod og frisklivsresepten samt utvide aktivitetstilbodet med gå- og spinning gruppe i samarbeid med psykisk helse.

Måloppnåing

- Vidareutvikle Friskliv og folkehelsearbeidet i kommunen
- Har gjennomført eit "Bra mat" kurs i kommunen, med 5 deltakarar.

- Eit røykesluttkurs, med tre deltakarar som gjennomførte.
- Gjennomført treningskontakt kurs samen med resten av Hallingdal.
- Fått i gang tre treningskontaktar med kvar sin bruker, av fem som gjennomførte treningskontakt kurset i januar.
- Frisklivsresepten er kome godt i gang, har frå april til desember ca 32 brukarar i omløp.
- Frisklivsgruppene veks gradvis i tal på deltakarar over tid, måndagsgruppe; ca 20-26 deltakarar, tysdagsgruppe; 5-7 deltakarar, torsdagsgruppe; 12-20 deltakarar, fredagsgruppe; 4-9 deltakarar.

Avvik

- Har vore vanskar med å rekruttere deltakarar til dei to nye aktivitetsgruppene tysdag og fredag, men det har vore ei positiv utvikling.
- Har vore vanskar å gjennomføre kosthaldskurs og røykesluttkurs lokalt med nok deltakarar (mål 5). Det blir noforsøkt å halde kurs felles for heile Hallingdal, men ønskjer på sikt å få kursa/tiltak opparbeida godt lokalt.

Mål – utfordringar 2010

- At Frisklivsordinator blir invitert med, er synlige og hugsa på i ulike fora.
- Vere pådrivar for det førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen.
- Vidareutvikle Friskliv og folkehelsearbeidet i kommunen
- Arbeide for å få dei nye aktivitetsgruppene, treningskontaktar og frisklivsresepten som fast tiltak.
- Fokus på kosthald i barnehagane i kommunen og i samarbeid med helsestasjon jobbe for å få til at det blir servert varmt måltid tre dagar i veka. Retteleie og hjelpe til for å legge dette til rette med menyoversikt/perm med forslag til oppskrifter. Samt arrangere "mini bra mat" kurs for foreldre og ansatt i barnehagane.
- Rekruttere, behalde og rettleie treningskontaktar.
- Å kunne tilby breidde i fysisk aktivitetstilbod
- å aktivisere spesielt aldersgruppe frå 15 - 23 år som har frisklivsresept.
- Få rekruttert nok deltakarar til kurs som "Bra mat" og røykeslutt.

2.6.5 Psykisk helse

Psykisk helse er eit lågterskeltilbod til dei som har behov for det. . Det er totalt 3 årsverk

Det er ei auka klienttilstrømning både vaksne og barn / ungdom.

Det er eit pågåande prosjekt i samarbeid med skule med "Inn på tunet". Det er og eit prosjekt i samarbeid med Friskliv om treningskontaktar og Frisklivsresept. Begge desse prosjekta skal evaluerast i løpet av våren 2010. Vidare er det samarbeid med Ulsåk skule om "LEK-prosjekt" som fokuserer på kommunikasjon / interaksjon med barnet gjennom fysisk leik og -samhandling. Ein jobbar individuelt, med grupper og heile klassar.

Psykisk helse er og med i eit prosjekt om vidareutvikling av samarbeid familievernkontor og deira roller ovanfor samarbeidspartar.

1 person har starta på på masterstudiet innan klinisk helse (clinical health).

Mål og utfordringar 2010

- Å få i gong prosjekt med ambulant team i samarbeid med andre kommunar i regionen og spesialisthelsetenesta
- Få til god samhandling med spesialisthelsetenesta
- Vurdere framtidig behov for å ressursar og kompetanseutvikling. Søke statleg tilskot til kommunepsykolog, saman med Gol kommune.
- Vidareutvikle prosjekt Inn på Tunet og Friskliv
- Vidareutvikle aktivitets- og dagsentertilbod

2.6.6 Legeteneste, legevakt og miljøretta helsevern

Det er 3 legar med fastlegeavtale.

Arbeidsbelastinga for legetenesta er sesongbetont. Skisesongen er spesiell med stor aktivitet, og det er behov for utvida legevakt i vintersesongen og det er behov for ekstrapersonell for å få gjennomført legevakt.

Det er eit samarbeid med eigen legevaktsentral (LVsentrallen) og nattevaktsentrallen på Ål for heile Hallingdal.

Det er oppretta ein kommunelegstilling med ansvar for asylmottak med 3 timar pr veke.

Mål – utfordring 2010

- Revidere plan for legeteneste ved sjukeheim
- Evaluere nattlegevaktsamarbeidet i Hallingdal
- Revidere avtale om felles legevakt med Gol kommune

Miljøretta helsevern i Hallingdal

Det er 100 % stilling i Hallingdal. Gol er vertskommune for det interkommunale samarbeidstiltaket. Kommuneoverlegen er med i den faglege styringsgruppa.

BARNEVERN

Har ansvar for oppfølging av barn og unge etter barnevernsloven og lov om barn og familie. Har og tilsyn med fosterheimar som er etablert i kommunen. Barnevernstenesta har regionalt samarbeid med felles fagmøter, barnevernleiarmøter og felles barnevernsvakt. I tillegg deltek barnevernstenesta i tverrfagleg samarbeid både i høve til enkeltsaker men og i anna tverrfagleg samarbeid mellom anna konultasjonsteam ved dei ulike skulane.

Det er 3,3 årsverk i eininga. Talet på bekymringsmeldingar i 2009 var 28 og 25 av desse førte til undersøkingar. Det har vore 26 hjelpetiltak og eininga har hatt tilsyn med 4 fosterheimar. Det var ingen fristoverskridingar i 2009.

Mål

Barnevernstenesta legg vekt i arbeidet med å jobbe med tidleg førebyggjande arbeid og informasjonsarbeid. Hemsedal fekk i 2009 statlege prosjektmidlar til å vidareføre det rusførebyggjande tiltak for barn og unge.

Måloppnåing

Hemsedal fekk i 2009 statlege prosjektmidlar til å vidareføre det rusførebyggjande tiltak for barn og unge.

Prosjekt tiltakskjeden:

Barnevernstenesta er godt i gang med etablering av tiltakskjeden i det daglege barnevernsarbeidet i kommunen. Statens barnevern satsar på heimebaserte tiltak. Tiltakskjeden er i tråd med Bufetat sin satsing på endringstiltak i heimen og nærmiljøet, som auka foreldrekompetanse og forpliktande tverrfaglig samarbeid. Barnevernstenesta ønskjer å ha fokus på førebyggjande insatser. Dette kan være med på å redusere behovet for langvarige plasseringar utanfor kommunen. Av konkrete førebyggjande tiltak har barnevernstenesta gjennomført eit større møte med foreldre av ungdom mai 09. Invitasjonen til dette møtet hadde tittelen "foreldre er bedre enn sitt rykte- og viktigere enn mange tror" med fokus på dei vanlige utfordringar med å ha ungdommar i hus. Målet er å etablere foreldrenettverksgrupper der det er jamlige møter ein gang i månaden. Hausten 09 vart det gjennomført 2 foreldrenettverksmøter, og sendt ut ein del informasjon til interesserte. I tillegg jobba barnevernstenesta med å få til nokon opne kveldar på ettermiddagen i 2010 der foreldre til ungdom vert invitert til ein uformell prat. Prosjektet tiltakskjeden har fått gode tilbakemeldingar frå fylkesmannen.

Avvik

Barnevernstenesta har ikkje eit dokumentert internkontrollsystem som tilfredstiller myndigheitskrav.

Mål 2010 - Utfordringar

- Bidra til at etablering av felles barnevern for Hallingdal blir ein god prosess både for tilsette, brukarar og samarbeidspartnarar.
- Etablere felles rutinar og kvalitetssystem for felles barnevernsteneste i Hallingdal.
- Etablere rutinar som minimum tilfredstiller myndigheitskrav til internkontroll for barnevernstenesta innan utgongen av 1. halvår 2010
- Vidareføre, vidareutvikle og implementere rusførebyggjande prosjekt i 2010.
- Oppretthalde kvaliteten på tenesta med vekt på førebyggjande arbeid

NAV

NAV omfattar dei tidlegare verksemdene trygdekontor, arbeidskontor og sosialkontor. Det er ved kontoret både kommunalt og statleg tilsette. NAV er ikkje organisert under nokon etat i kommunen. Leiar ved kontoret har partnerskapet ved rådmann i kommunen og direktøren for NAV Buskerud som sine overordna.

NAV kontoret forvaltar både kommunale og statlege tenester. Dei kommunale tenestene som forvaltast av NAV kontoret i Hemsedal er: økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet, gjeldsrådgjeving, flyktningarbeid, rus, individuell plan, støttekontakt/ avlastning, for menneske med nedsett funksjonsevne, følgjekort og parkeringsløyve for funksjonshemma, TT-kort, Husbanken sine bustønadordningar.

Denne årsmeldinga tek berre for seg rapportering i forhold til dei kommunale tenestene i NAV-kontoret.

Avvik:

- Det har vore ei auke på utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Det har vore ei auke i talet på mottakarar, samstundes som fleire har vore avhengig av sosialstønad over lengre tid. Årsaka til auken er at vi har fått fleire og tyngre brukarar med samansette problem, og vi har også hatt ei auke med bakgrunn i den stramme arbeidsmarknaden. Ikkje alle arbeidsledige har rettigheter på dagpengar, og sosialstønad er deira siste moglegheit. Dette har vore varsla i tidlegare rapportering.
- Det har vore ei auke i kostnader til avlastning og støttekontakt etter lov om sosiale tenester. Dette er lovpålagte tenester som ikkje kan bli avslått med bakgrunn i økonomi. Dette har vore rapportert i tidlegare rapportering.
- Det har vore større kostnader til introduksjonsordninga enn budsjettert. Dette gjeld lønnsutgifter til flyktingar som har rett og plikt til å delta på introduksjonsprogrammet. Bakgrunn for avviket er at fleire flyktingar har delteke enn det var budsjettert med.
- Det har vore større kostnader til tolk enn det har vore budsjettert med. Årsaka til dette er at kostnader til tolk til bebuarane på asylmottaket har blitt belasta sosial sitt budsjett, samtidig som det har vore større tolkeutgifter på dei busette flyktingane enn berekna.

Mål 2009:

- Arbeide systematisk med å få folk i arbeid, aktivitet eller varige ytingar. Det er knytt usikkerheit korleis utviklinga av talet på arbeidsløyse og permitteringar vil bli i 2009 og kva følgjer dette vil ha på ressursbehovet.
- Arbeide systematisk med å få til eit godt arbeidsmiljø, organisasjonskultur og kvalitet i ein nyetablert organisasjon. Det er eit mål at alle i løpet av 2009 skal ha tilegna seg nødvendig grunnkompetanse for å kunne gje utføre alle tenester som NAV kontoret yter.
- Ha tilstrekkeleg ressursar, samt bustader ved busetting og integrering av flyktingar, jf vedteken plan for busetting og integrering av flyktingar.
- Det må jobbast vidare med å få til gode koordinerte og samordna tenester for personar med nedsett funksjonsevne. Det må arbeidast vidare med å få til god avlastning både i institusjon og private heimar. Fleire unge vil i løpet av få år ha behov for eigen tilrettelagt bustad med behov for bistand. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på omsorgsbustader med behov for heildøgns omsorg.

Måloppnåing:

Mål for 2009 har blitt løyst på følgjande måte:

- NAV Hemsedal har formidla ledige jobbar, framskaffa tiltaksplassar for menneske som av ein eller anna grunn har falt utafør arbeidslivet, samt fått nokon av våre brukarar med redusert arbeidsevne over på varige statlege ytingar. 2009 har vori eit år med ein betydeleg høgare arbeidsløyse enn normalt. Fleire av våre innbyggjarar har mista jobben eller vore permitterte. Det har ikkje vore nok ledige jobbar eller tiltaksplassar til alle disse. Heller ikkje alle har opparbeida seg rett til dagpengar, og har levd av økonomisk sosialhjelp.
- NAV kontoret i Hemsedal har brukt 2009 på å finne gode måtar å organisera oss på med tanke på oppgåvefordeling, samt at vi har hatt eit stort fokus på kompetanseheving innafor alle områdar vi forvaltar. Vi har funnet gode måter å løyse dette på og opplever nå at vi kan tilby Hemsedal sine innbyggjarar tenestar av god kvalitet innafor det maste av NAV sitt omfattande tenestespekter. Det har vore eit år med store belastningar på dei tilsette, men vi har gått vegen saman og har gjennom prosessen utvikla eit meget godt arbeidsmiljø ved kontoret.

- Vi busette i 2009 ein familie og tre einslege flyktningar, og har no 17 busette flyktningar i kommunen. Det har vore stort behov for å busette overføringsflyktningar, det vil si flyktningar som kommer direkte frå heimlandet utan å bu i asylmottak før dei blir busett i kommunane. Hemsedal har motteke overføringsflyktningar både i 2008 og 2009. Det er svært ressurskrevjande å etablere og integrere flyktningar, og ofte ekstra ressurskrevjande å busette overføringsflyktningar. NAV har avsett ein 50% stilling til dette arbeidet. Dette er ressursar nok til å gjere det mest naudsynte i forhold til desse brukarane, men strekk ikkje til dersom man ynskjer å yte noko ekstra utover dette.
- Når det gjeld bustadar til flyktningane, har det i 2009 løyst seg sånn at det har vore bustadar nok til at vi har kunne busett cirka så mange flyktningar som kommunen har vedtak på. Men dette er heilt tilfeldig, då vi ikkje har bustadar som er reservert denne gruppa, og vi ved planlegging av busetting av flyktningar også må ta omsyn til andre gruppers behov for å bu i kommunal bustad.
- Det er eit stort behov for å betre koordinering av tenestene til menneske med nedsett funksjonsevne. Pr i dag har vi 22 brukara av støttekontakt/ avlastningstenesta og like mange støttekontaktar/ avlastarar. 10 av desse brukarane er psykisk utviklingshemma. I løpet av dei siste åra, og også i 2009, har det blitt brukt mykje ressursar på å forsøke å finne gode måtar å organisere denne tenesta på. Det visar seg at det stoppar seg i mangel på ressursar. Vi har fortsatt brukarar som ikkje får den bstanden dei har behov for, og vi har støttekontaktar og avlastarar som går for eige maskin utan særleg oppfølging frå kommunen. Fagpersonane opplever at dette er ei gruppe brukarar som ikkje er dei som ropar sine behov høygast, og som derfor ikkje blir prioritert. Det hadde vore ønskjeleg at denne gruppa hadde fått eit større fokus i framtida både i administrasjonen og blant dei folkevalte.

Mål – Utfordringar2010:

- Arbeide systematisk med å få folk i arbeid, aktivitet eller varige ytingar
- Arbeide for å redusere antal personar som har behov for økonomisk sosialhjelp
- Pr i dag har vi 22 brukara av støttekontakt/ avlastningstenesta og like mange støttekontaktar/ avlastarar. 10 av desse brukarane er psykisk utviklingshemma. Vi må arbeide med å få til gode og samordna tenester for desse brukarane, samtidig som vi må finne gode måtar og organisere dette på. Pr i dag har vi ikkje tilstrekkelege ressursar ved kontoret til å få organisert dette arbeidet.
- Etablere gode planar og rutinar, og utvikle gode arbeidsmetodar for arbeide med personar med rusproblematikk.
- Finne tilstrekkeleg med bustader for å kunne busette vedtatte antall flyktningar.
- Arbeide vidare med iverksetting av eit system for kvalitetskontroll.
- Ha stort fokus på å ivareta det gode arbeidsmiljøet ved kontoret.

TEKNISK ETAT

INNLEIING

- **Omfang og funksjon**

Teknisk etat omfattar mange ulike fagfelt, som samla har ansvar for synleggjering, planlegging, tilrettelegging og utbygging av infrastruktur og utbyggingsområde, i tillegg til ei rekkje forvaltningsoppgåver. Dei ulike fagfelta i stab er byggesak, oppmåling, matrikkelføring, grunnnerv, arealplanlegging, forureiningssaker, og miljø. Landbruks- og næringsavdelinga har ansvar for all næringsforvaltning i kommunen der dei største forvaltningsoppgåvene ligg til landbruk. Teknisk drift har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vegar inkl. gatelys, fire kloakkreinseanlegg, 3 vassverk samt ei rekke forvaltningsoppgåver knytt til desse, i tillegg til slamtømming og renovasjon.

- **Bemanning gjennom året**

Etaten har god kompetanse, og dekkjer i hovudsak alle fagfelt som etaten har ansvar for. Det har samstundes vist seg å vera vanskeleg å rekruttere kompetanse innan ingeniørfag vatn og avløp, noko som har medført at driftsavdelinga har vore underbemanna med 1 årsverk gjennom heile året.

I stabsfunksjon "Teknisk sjef" har det og vore redusert bemanning på grunn av ulike permisjonar, og sjukdom tilsvarande 1 årsverk.

Regionalt arbeid
Etaten har vore sterkt delaktig i ulike prosessar for regionen.

Type prosjekt/ arbeid	Registrerte timar
Nettverkssamarbeid VA	60
Revisjon konsesjonsvilkår Heimsil/ Åbjøra	95
Leiing KomTek / prosjekt slamtømming	120
Klimaplan for Valdres og Hallingdal	65
Hovudansvar for regionalt seminar hytter/finanskrise	63
Felles forskrift for brenning av avfall	30
Sum	433

- **Politikk**

Hovudutval for Plan og ressurs er etaten sitt politiske utval. Utvalet har behandla til saman 99 saker i 2009. Etaten legg også fram ei rekkje saker for Formannskapet (t.d. investeringssakar, miljø- og nærings saker). I samband med kommuneplanarbeid følger også sekretærfunksjon for Kommuneplannemnda.

- **Generelle avvik**

Generelt kan ein seie at det ikkje er lett å tilsette nye personar ved sjukdom eller permisjon. Fleire av fagstillingane har forvaltningsoppgåver utover ledige ressursar. Det er registrert om lag 95 dagar overtid i 2009.

SJØLVKOST – ETTERKALKYLE 2009

Etterkalkyle for dei kommunale betalingstenestene vatn, avløp, renovasjon, slam, feiing, plansak, byggesak og kart og oppmåling i Hemsedal kommune er utført i samsvar med Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H-2140, Kommunal- og regionaldepartementet, januar 2003).

Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å tilby tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyra som abonnentane/brukarane betaler. Kommunen har dermed ikkje høve til å tene pengar på tenestene. For å sikre dette må kommunen etterskottsvis utarbeide eit sjølvkostregnskap som syner resultatet for det enkelte gebyrområde.

Sjølvkostregnskapet opererer med nokre prinsipp som er forskjellig frå kommunen sitt ordinære driftsregnskap. Dei to regnska kan av den grunn ikkje samanliknast. Grunnlaget for sjølvkost inneheld driftsutgifter, kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivningar og rentekostnader), i tillegg til delte administrative utgifter (både drift og kapital).

Figuren til høgre illustrerer dette. Alle driftsutgiftene for tenestene, med unntak av finansielle (KOSTRA-) avskrivningar, er med i grunnlaget. Retningslinene gir egne reglar for utrekning av sjølvkostavskrivningar. Desse må reknast ut utanom kommunen sitt regnskap og vil som oftast avvike noko i forhold til dei finansielle avskrivningane.

Retningslinene fastset vidare kva administrative oppgåver og funksjonar som er relevant å fordele til sjølvkostregnskapet, og kva for fordelingsnøklar som bør nyttast. Desse utgiftene vert ikkje fordelt regnskapsmessig og ein vil derfor og her oppleve eit avvik mellom

kommunen sitt regnskap og sjølvkostregnskapet.

Det kan i noten nedst i dokumentet sjå ut som Hemsedal kommune har store interne kostnader. Årsaka til dette er at nokre tilsette i teknisk sektor vert lønna på KOSTRA-funksjon 120 og dermed er ein del av sum interntenester.

Av figuren ser ein at tenesta sitt resultat i driftsregnskapet til kommunen aldri vil tilsvare tenesta sitt sjølvkostresultat. I kommunen sitt regnskap vil det av den grunn alltid synast som om kommunen tener pengar på tenesta, sjølv om dette ikkje er tilfelle. I tillegg til dei før nemnte uliskapane er kalkulatoriske renter, og kalla alternativkostnad, den største og viktigaste årsaka til dette. Desse rentene, som ikkje har parallell i kommunen sitt driftsregnskap, skal vise alternativ avkastning kommunen går glipp av ved at kapital er bunde i anleggsmidlar.

Ei viktig avgrensing i kommunen sitt handlingsrom med tanke på fastsetting av gebyr, er at avsett overskot frå det enkelte år skal godskrivas abonnentane/brukarane i form av lågare gebyr over ein femårsperiode (analogt for underskot). Har kommunen fondsmidlar som er eldre enn fire, år må desse gå til reduksjon av gebyra i det kommande budsjettåret. Som eksempel; eit overskot som stammer frå 2009 må vera disponert innan 2014. Det er vidare ei rekke faktorar som kommunen ikkje rår over i forhold til kva sjølvkostresultatet for det enkelte år vil bli. Dei viktigaste faktorane er kalkylerente for budsjettåret (3-årige statsobligasjonsrenter + 1 prosentpoeng, vert fastsett etterskotsvis av Norges Bank), gjennomføringsevne på planlagde prosjekt (avgrensingar i kapasitet internt og eksternt), i tillegg til (uvent) inntekter frå nye abonnentar/brukarar. Dette gjer det ikkje alltid like problemfritt å treffe med budsjett.

Oppsett på neste side viser etterkalkyle 2009 for dei aktuelle betalingstenestene:

Resultat for tenesteområdet renovasjon viser ikkje faktiske tal for 2009. Hallingdal Renovasjon IKS skal betale attende 275.000,- kroner for regnskapsåret 2009. Dette vert inntektsført i Hemsedal kommune sitt regnskap fyrst i 2010. Utgåande balanse på sjølvkostfond for vatn er planlagt betalt attende til abonnentane allereie i 2010. Sjølvkostfond for avløp (teneste 3501 og 3531) og slam (teneste 3541) har tidlegare vore slått saman. Dei er i etterkalkyle for 2009 splitta, slik at kvart gebyrområde har sitt eige sjølvkostfond.

Lønnsutgifter til tenestene 3011, 3021 og 3031 er utrekna i sjølvkostmodellen basert på kor dei tilsette faktisk har arbeidt i 2009. Lønnsføringane i regnskapet er i sjølvkostmodellen eliminert og erstatta med faktisk fordeling av lønnsressursane.

TEKNISK ETAT – STAB

- Plan, bygg og oppmåling

Mål

Plan

Etaten har hatt 2 årsverk og det har vore eit klart mål å forsere følgjande planarbeid;

- avslutte prosessen med tekstedelen til kommuneplanen og starte opp arbeidet med arealdelen
- vedta Trafikktryggleiksplan
- Sluttbehandle Kommunedelplan Lykkja og Markegardslia, i tillegg til å avslutte reguleringsplan for Totteskogen

Bygg

Kommunen har hatt 2 årsverk innan byggesaksbehandling. I tillegg har stab ei merkantil stilling på 0,8 årsverk som og yter support for heile etaten. Også arbeid med grunnnerverv ligg i stab.

Det har vore eit mål å yte god saksbehandling innan rimeleg tid, men og følgje opp tilsynssaker betre. Det har vore eit mål å starte opp arbeidet med å få på plass ein rettleiar for byggeskikk, i tillegg til revidering av camping- og skiltvedtektene.

Oppmåling

Innan oppmåling har ein hatt 1,8 årsverk fram til 1. juli, og resten av året 1 årsverk grunna svangerskapspermisjon. Utover vanlig forvaltning har det vore eit mål å gjennomføre retting av digitale gardskart, starte opp adresseprosjekt og redusere restanse rekvirerte saker frå tidlegare år.

Kva er oppnådd ?

Plan

I Hemsedal har det vore stor aktivitet på plansida (fysisk planlegging). Utover overordna planlegging som kommunen sjølv skal stå for, er det ei rekke private planar som har vorte fremma, både i form av planførespurnader, eller som konkrete reguleringsplanar. I lovverket (Pbl) er det krav til tidsfrister for behandling av saker. Gjennom året er det mange plansaker som krev prosessarbeid. I tillegg har arbeidet med Kommunedelplan Lykkja - Markegardslia vore gjennom ein krevjande slutfase. Utarbeiding av planprogram for kommuneplan, og plandokumentet for samfunnsdelen må og nemnast. I tillegg har også arbeidet med arealdelen i kommuneplanen starta opp.

TYPE	PLANNAVN	FRÅ	STATUS
Reg.plan	Tinden - H2	2009	Planprosess - skal 1. gangs behandling, off. ettersyn
Reg.plan	Søre Hjallen - F8	2006	Er 2. gangs behandling, skal til K- styre
Reg.plan	Nytt Kryss Rv 52	2007	Er 2. gangs behandling, skal til K- styre
Reg.plan	Hemsedal Hytte - og Feriepark	2007	Er vedtatt – Etterarbeid og arkivering
Reg.plan	Fjellstølane – Holstein	2008	1. gangs behandla - motsegn frå fylket, avtalt møte 16/12
Reg.plan	Hemsedsbilane - F1	2006	Motsegn - Planprosess pågår - Nytt forenkla off. ettersyn
Reg.plan	Lykkja Fjellstove - Natluteigen	2007	Motsegn - Planprosess pågår - Nytt off. ettersyn
Reg.plan	Gravset	2007	Avklaring FM – skal leggst ut til off. ettersyn - venter på plan
Reg.plan	Gravarsletto	2007	Behandling 2. gangs behandling - skal til K-styre
Reg.plan	Bergastølslåtta E. Larsen	2008	Planprosess pågår – Planprogram er behandla
Reg.plan	Bubakken	1994 - 2008	Planførespurnad er behandla - Planframlegg
Reg.plan	Golf Alpin - Reguleringsendring	2008	Har vore ute til off. ettersyn - skal 2. gangs behandlast
Reg.plan	Totteskogen	2006	Riksantikvar og endeleg behandling/ eigengodkjenning
Reg.plan	Venås og Skøyten Bru	2009	Planprosess pågår -
Reg.plan	Høgestølen - (H Kjeldevatn)	2000	Planprosess stoppa opp - i gang att no
Reg.plan	Storelia – planendring	2009	Oppstartmøte er halde - ikkje varsla oppstart
Reg.plan	KRIK - Hemsedal Fjellhotell	2009	Oppstartmøte er halde den 23.10.2009
K-delplan	Markeg. – Lykkja	2001	Vedtatt - div. etterarbeid kunngjering
K- plan	Arealdelen		Prioriterte områder. Bustad, næringsareal og masseuttak

Oversikt over planar under behandling i 2009.

Av planar har kommunedelplan for Lykkja og Markegardslia og 5 reguleringsplanar vorte eigengodkjent. Alle reguleringsplanane har vore private. Arealplanlegger brukar mykje tid på planprosessar og saksbehandling av planar. Dette inneber rådgjeving til private som fremmar reguleringsplan i samband med planførespurnader og utarbeiding av framlegg til reguleringsplan. Det er krav til medverknad for all planlegging etter Plan og bygningslova som fører til dialog, og møter med bl.a. sentrale myndigheiter.

Eksempel på tidsbruk er; oppstartsmøte for nye planar, dispensasjonssaker, intern rådgjeving og andre planspørsmål med omsyn til forvaltning av planar. Resultatoppnåing med tanke på vedtekne planar gjennom året, heng bl.a. saman med i kor stor grad dei ulike planane kjem i konflikt med viktige nasjonale føringar for samfunns- og miljømessige område som statleg/sentral myndigheit har ansvaret for. Motsegn til plan kjem i hovudsak frå Fylkesmannen og Statens Vegvesen. Motsegn set igang formelle prosessar for å finne løysing og kome vidare med planane. For fleire planer er det brukt mykje tid på avklaring med statleg myndigheit.

I samband med innføring av ny plandel i Plan og bygningslova, har ein gjennomført kurs for både administrasjon og politikarar.

Bygg

Arbeid innan byggesaksbehandling omfattar mellom anna behandling av byggesøknader, meldingssaker, godkjenning av føretak, ferdiggodkjenning, delingsaker etter Plan og bygningslov, oppretting av nye/ajourføring av eksisterande bygg i Matrikkel, tilsyn og ikkje minst rettleiing. Mange saker kjem i konflikt med overordna planar og må behandlast som dispensasjonssaker etter §19-2 i Plan og bygningslova (før 1. juli §7), noko som inneber høyringsuttale frå statleg myndigheit.

Som ny teneste er det i løpet av året opna opp for mottak av elektroniske søknader (Bygg SØK). Det vert i samarbeid med Gol kommune jobba med eit å arrangere kurs i ByggSØK.

Bustadbygging utgjer ein viktig del av talet på saker. I tabellen som følgjer har ein prøvd å synleggjere utviklingstrekk innad bustadbygging.

Den største delen av byggesaker vert likevel knytt til hyttebygging.

Arbeid med grunnnerverv langs Kyrkjebønsvegen, men også førebuing av prosessar knytt til sikring av grunn for nye bustadfelt er sett i gang. Gjennom året har etaten styrka kompetansen ved at fagansvarleg har teke eksamen (5 studiepoeng) innan grunnnerverv.

Etaten plikter å gje informasjon til eigedomsmeklarar. Ei meklaroppgåve gir informasjon om planstatus, bygningar, grenser, vatn- og avløpsforhold og kommunale avgifter for ein eigedom som kan vera relevant for ein kjøpar.

Som ny ordning har kommunen oppretta eit ENØK- fond som gir stønad til sparing av energi, og tiltak som fører til energiomlegging og bruk av fornybare energikjelder. Forvaltning av kommunen sitt ENØK- fond har resultert i 38 søknader som kvalifiserte til kr. 383.000,- i tilskot.

Oppmåling

Oppmåling yter support på ei rekkje områder, både innan og utanom eige tenesteområde. Om lag 0,1 årsverk har vore nytta til retting av grunnlag for kommunale eigedomsavgifter. Frå nyttår og fram til april 2009 vart det utført om lag 90 timar planlagt overtid i samband med retting av digitale gardskart (AR5).

Om lag 70 timar er brukt i samband med sekretærfunksjon for "Stadnamngruppa". Det er varsla eit statleg pålegg om adressering av alle adresseverdige bygg. Stadnamngruppa har gjennomført høyring for 85 nye vegnamn i 2009. Forslag til nye vegnamn vert lagt fram for vedtak i kommunestyret i 2010.

Ny lov om eigedomsregistrering; Matrikkellova tredde i kraft 01.01.2010. Oppmålinga har av den grunn brukt tid på å tilpasse seg nytt lovverk, delteke på obligatoriske kurs og brukt tid på å utarbeide nytt regionalt gebyrregulativ for oppmålingssaker dette året.

For 2007- 2009 er talet på restanse saker innan kart og oppmåling redusert. Av totalt tall saker akkumulert er det 81 saker som har stoppa opp i påvente av nærare avklaring frå rekvirent. For 2008 førte reguleringsplan Storelia II til 31 slike saker.

Hemsedal kommune har gjennom avtale med Statens Kartverk ansvar for forvaltning av FKB kartbaser, med levering av endringar to gonger i året. Dette gjeld Gardskart (AR5), bygg, tiltak og VBASE. For vegsituasjon leverer kommunen endringsdata til Kartverket. Eigedomsdata som kommunen og har ansvar for, hentar Statens kartverk direkte frå Matrikkelen.

Oppmåling har og brukt tid på å avhjelpe plan når det gjeld kontroll av nye planer, innlegging av desse i planarkiv og konstruksjon av kommunen sine egne planer (Kommunedelplan for Lykkja – Markegårdslia og Tuv II).

Tabellen viser samanhengen mellom tall rekvirerte saker og type behandling av sakene kvart år. Kvar rekvirert sak krev som regel ei kartforretning, - uavhengig av om det er utarbeidd midlertidig forretning for eigedomen eller ikkje. Ei midlertidig forretning er ikkje endeleg, men gir grunnlag for oppstart av til dømes ei byggesak, og opprettar eigedomen som panteobjekt. Fram til 01.01.2010 kunne ein eigedom opprettast ved registreringsbrev når grensene allereie var fastlagt, og fysisk oppmåling var då ikkje nødvendig. Summen av seksjoneringssaker, registreringsbrev, kartforretningar og midlertidig forretningar skal ideelt sett vera lik tal rekvirerte saker, men ofte stoppar ei sak opp om ikkje rekvirert og nabo vert samde, eller regulert tomt ikkje passer med terreng.

Kva er avvik ?

- Grunna kapasitetsmangel (permisjonar/sjukdom) har ikkje alle planlagde tiltak vorte gjennomført
- Trafikktryggleiksplan er enno ikkje avslutta – vert vedteke vinteren 2010
- Samfunnsdelen i Kommuneplanen – vert først vedteke vinteren 2010

Kva er utfordringane ?

Plan

- Realistisk samheng mellom planoppgåver og bemanning
- Arbeidet med arealdelen burde ideelt sett vore følgt opp av ein person på heiltid.
- Det trengst klarare politiske prioriteringar for planarbeid i kommunen. Ein treng i tillegg å kjøpe inn noko kompetanse etter kvart. Erfaringar frå nabokommunane viser at det er svært vanskeleg å få tilsett kvalifisert arealplanleggjar. Det er sett av kr. 550.000,- til innkjøp av tenester/tilsetting av arealplanlegger for arbeid med regulering av bustadfelt i 2010.

Bygg

- Det er ikkje ressursar til å drive aktivt tilsyn. Dette inneber at ein berre rykker ut i saker som blir melde eller som ein sjølv registrerer som uregelmessige.
- Arbeid med revisjon av campingvedtekter, med fokus på "spikertelt", bør setjast i gang.
- Det er framleis eit ønskje, gjennom eit samarbeid med næringslivet, å få ajourført skiltvedtektene i høve til nye typar skilt – ein tenker mellom anna på bruk av lysskilt.

- Det er også ønskeleg å få på plass ein rettleiar for byggeskikk.

Oppmåling

- Innføring av ny lov (Matrikkelen) stiller strenge krav til behandlingstid (16 veker) for rekvirerte oppmålingssaker. Ny lov opnar likevel opp for innføring av vinterregulering i høve saksbehandlingstid. Saker rekvirert i vinterperioden 1.oktober til 1.mai må slutførast innan 16 veker etter 1.mai.
- Midlertidig forretning som sakstype går ut ved innføring av ny lov. Alle eigedomar som er oppretta ved midlertidig forretning og som ikkje er fullført ved oppmåling og produksjon av målebrev, må slutførast innan 31.12.2012. Ved nyttår 2010 hadde oppmålinga registrert 209 eigedomar som berre er oppretta ved midlertidig forretning. Det står att feltarbeid for 135 av desse sakene, der 55 av sakene er tomter i Storelia II.
- Nytt Geovekstprosjekt vert starta opp i 2010. Dette prosjektet inneber nykonstruksjon av bygg, veg, gangveg, bygningsmessige anlegg med meir for oppgradering av digitale data til nivå SOSI 4.0. Det er avsett 400.000 i budsjett 2010 til dette.
- Grunna noko redusert bemanning som følgje av svangerskapspermisjon, ligg utfordringa i å slutføre midlertidige forretningar parallelt med nye rekvirerte saker i 2010. Ein må vurdere innkjøp av tenester for å kompensere for dette.
- Miljø- og forureining

Mål

Kommunen har samla 1,5 årsverk innan miljøarbeid. Av dette er 30% øyremerka miljøvernleiar, og 1 årsverk til å følgje opp utsleppssaker, behandling av vatn- og avløpsplanar, tilsyn avløpsanlegg og næringsavfall. Gjennom året har 15% gått med til fødselspermisjon.

Utover vanlege miljøforvaltningsoppgåver (eksempel; behandling av søknad om motorisert ferdseil i utmarka, følgje opp forsøpling m.m.) har ein hatt som mål å få kommunehuset godkjent som miljøfyrtårn. I tillegg ville ein auke kontakten med næringslivet og i fellesskap sjå på korleis "miljøbodskap" kan verte ein naturleg del av verksemdene.

Det har elles vore eit klart mål å få oversikt, følgje opp problematikken omkring spreidd avløp og bidra til at alle som har utslepp får godkjente løysingar. Samstundes er det eit mål å føre tilsyn med større avløpsanlegg.

Kva er oppnådd ?

Det er lagt ned arbeid i felles forskrift for open brenning av avfall i småomnar for heile Hallingdal. Denne er no vedteke.

I samarbeid med bondelaget i Hemsedal er det samla inn over 6 tonn metallavfall frå landbruket. Vidare har kommunen og Hallingdal Renovasjon fjerna fleire kasserte bilar. Nye avfallsplassar og meldingar om kasserte køyretøy er registrert. Kontakt er forsøkt oppretta med den ansvarlege for forureininga. Dette har ført til at den ansvarlege nokon gonger tek ansvar, andre gonger ikkje. Kommuneposten vert brukt som informasjonskanal.

Hemsedal kommune har oppretta ei "miljøklynge" der miljøinteresserte næringar i kommunen deltek. Det har vore arrangert møter med tema avfallsbehandling og miljøsertifisering. I tillegg vert miljøspørsmål presentert gjennom "Møteplassen" – der handelsstanden, turistnæringa, bondelaget og kommunen deltek. To firma i Hemsedal har gått i gang med miljøfyrtårn - prosessen.

Kommunehuset har no vorte sertifisert som miljøfyrtårn. Initiativ er teke for å få med skulane.

Miljø vert tatt med på råd i planarbeidet og synfaringar er utført. Det er også skriva naturfaglege rapportar i forbindelse med utsiktsryddeprosjekt mot elva Hemsil, der det er viktig å ta vare på vegetasjonsbeltet mot vassdrag. I forbindelse med annan hogst er også miljøet tatt omsyn til. Naturbase og Artsdatabanken vert brukt aktivt.

Det er gjort ein kritisk vurdering av all informasjon som ligg under natur og miljø på heimesida til Hemsedal kommune. Kontinuerleg oppdatering vert gjort.

Det har vore jobba med felles energi og klimaplan for Valdres og Hallingdal. Miljøvernleiar som klimakontakt har delteke på alle klimakontakt møter. Det er brukt ein del tid på å skaffe informasjon om kommunale bygg i Hemsedal, skogdata, vasskraftinformasjon og informasjon om bruk av bil i kommunal drift. Vidare er utkastet til den regionale rammeplanen for energi og klima presentert politikarane for høyring.

Sidan 2006 har kommunen hatt eit klart fokus på å få kontroll på spreidd avløp, spesielt knytt til hytter. Arbeidet med kartlegging og oppfølging viser no resultat i form av fleire rammeplanar, eller samordna tiltak der hytteeigar samarbeider om felles avløp. Om lag 50% av søknadane kjem som følgje av påtrykk frå kommunen, resten ofte i samband med at hytteeigar ønskjer standardheving.

I 2008 hadde ein til dømes 9 rammeplanar som omfattar 64 hytteeigedommar. Kvar rammeplan kjem fram som ein søknad om spreidd avløp. Behandling/godkjenning vert utført/gitt fortløpande. Saksbehandling av ulovleg etablert avløp har hatt høg prioritet. Det er rydda opp i fleire områder innanfor Lykkja/Markegaardslie ved hjelp av godkjente rammeplanar for avløp, men også andre hytteområder som Ragnhildset og Hustadhagen har no godkjente avløpsanlegg (i hovudsak fellesanlegg).

Samla er det 22 saker som ligg til behandling innanfor kommunedelplanområdet Lykkja/Markegaardslie. Tilsyn med større avløpsanlegg er godt i gang, og det vert utarbeida rutiner saman med Gol kommune.

Kva er avvik

- Arbeidet med miljø og forureining er mykje meir tidkrevjande enn dei ressursane kommunen har i dag. Dette inneber strenge prioriteringar.
- Tilsyn med næringsavfall er ikkje sett i gang grunna stor saksmengde. Det vert jobba med å finne ei løysing på dette gjennom samarbeid med Hallingdal Renovasjon.
- Avvik på avløpsanlegg i forbindelse med tømning er ikkje følgt opp. Grunnen til dette er mellom anna mangelfull informasjon/rapport frå tømmefirma. Sakene er tidkrevjande med tanke på oppfølging.

Kva er utfordringane

- Miljø- og forureiningsressursane er for små i høve til alle oppgåver – noko som krev streng prioritering. Mange saker krev mykje informasjon, og rettleiing slik som arbeid med rammeplaner for vatn og avløp
- Offentlege samhandlingsprosessar er tidkrevjande. Som eksempel: Det interkommunale samarbeidsprosjektet i Hallingdal "kommunal forskrift om brenning" og miljøsertifisering av kommunehuset tok eit heilt år. Sistnemnde skuldast avklaringar frå Stiftelsen Miljøfyrtårn og at miljøvernrådgjever berre jobbar 30 %.
- Oppfølging av forureiningssaker er svært tidkrevjande når kommunen ikkje klarar å få kontakt med dei ansvarlege. Det er også eit problem at renovasjonsselskapa ikkje har kapasitet til å følge opp meldingar frå kommunen som ber om at kasserte motorkøyretøy vert fjerna. Dette gir inntrykk av at kommunen ikkje følgjer opp meldingar om forureining og tek dei på alvor.
- Det vert også ei utfordring å kombinere arbeidsoppgåver innan forureining med arbeidsoppgåver frå andre tenesteområder – til dømes grunnverv.
- Kvalitetssikring av data i DNs naturbase og supplerande biologisk mangfaldkartlegging skal gjennomførast sommaren 2010. Også Gol og Ål er med i fyrste runde i Hallingdal.

TEKNISK DRIFT – 3200

Teknisk drift hadde ved utgangen av 2009 besett 5,9 årsverk av totalt 6,9 årsverk fordelt på ein ingeniør, ein sakshandsamar kommunale avgifter og 3,9 årsverk på drift og vedlikehaldstenester.

Gjennom 2009 har verksemda arbeida intensivt med internkontroll og HMS.

Mattilsynet har gjennomført revisjon av Krikken Vassverk og det vart ikkje avdekka avvik. Vidare har Arbeidsmiljøtilsynet gjennomført tilsyn ved verksemda i 2009. Det vart under tilsynet avdekka totalt 6 avvik. Desse avvika er no lukka. Det er registrert 1 HMS-avvik og 8 avvik i samband med internkontroll for vassforsyning og avløp. HMS avvik er lukka, medan IK-avvik 3 avvik framleis opne

- Vassforsyning

Teknisk drift har ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og investeringar knytta til den kommunale vassforsyninga i Hemsedal.

Ulsåk og Trøim inkl. Holdebakken vert forsynt frå Krikken Vassverk medan Tuv tettstad vert forsynt frå Tuv vassverk. Ingen av vassverka er godkjent etter drikkevassforskrifta

Mål

Fylgje opp Hovudplan for vassforsyning og levere nok vatn, godt vatn og ha ei sikker og effektiv vassforsyning.



Tema

2009

2008

Produsert mengde vatn (m3 x1000)

392

396

Antall ledningsbrot

3

2

Berekna lekkasje prosent(%)

34

35

Meldte avvik IK-system

7

4

Tot. driftskostn (inndir.+dir.x1000)

4253

3700

Inntekter (ekskl. rentex1000)

4405

4622

Kostnadar energi (x1000kr)

234

194

Kostnadar kjemikalier (x1000kr)

28

21

Økonomisk dekningsgrad(%)

104

125

Nøkkeltal

Vasskvalitet og drift

Krikken vassverk leverar vatn med god kvalitet og har stabil leveranse.

Tuv vassverk har stabil leveranse, men vasskvaliteten dei to siste åra har vore varierende og ein har hatt lange periodar med bakteriar i råvatnet. Vatn levert ut til abonnentane har imedan hatt tilfredstillande kvalitet grunna gode rutinar for oppfylging og tilfredstillande beredskap.

Leidningsnettet er av varierende kvalitet og særleg på Ulsåk er leidningsnettet i dårleg forfatning.

Investeringar

Følgjande investeringar er avslutta i 2009 (x1000):

Supplerande undersøkingar	
hovedvasskilde	751
Sanering av VA nett	130
Høgdebasseng Holdebakken, forprosjekt	112
Utfasing PLS, Fase 2	575
Traktor	146
Oppmålingsutstyr	36
Forprosjekt Ledning Bruhaug - Trøim RA	163

Følgjande investeringar er starta opp i 2009 eller tidlegare og er framleis under arbeid (x1000)

	2
Hovedledning va Holdebru-D1	741
Sanering av VA nett	770
Kyrkjebønsvegen VA	90
	4
VA-ledning Mølla-Bruhaug	465

Eit av dei viktigaste prosjekta som er slutført i 2009 er supplerande undersøkingar i samband med ny hovudvasskjelde. Dette arbeidet har mellom anna resultert i val av ny hovedvasskjelde på Tuv og moglegheiter for godkjenning av Krikken vassverk.

Avvik

- Råvatn frå Tuv vassverk har ikkje tilfredstillande kvalitet
- Verksemda har ikkje tilfredstillande oversikt/kartgrunnlag over ledningsnettet
- Ingen av vasskjeldene er godkjent etter drikkevassforskrifta
- Grunna kapasitetmangel er ikkje alle investeringar og tiltak planlagt utført i 2009 slutført
- Verksemda overheld ikkje fristar etter forvaltningslova med omsyn til sakshandsamingstid grunna etterslep på eldre saker
- Avløp

Teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og investeringar knytta til Ulsåk, Tuv og Trøim renseanlegg. I tillegg driftar verksemda Grøndalen Miljøanlegg.

Mål

Overhalde myndigheitskrav gitt i utsleppsløyver og krav gitt i øvrig lovvek.

Tema	
2009	
2008	
Reinsa avløpsvatn (m3)Trøim	192430
	208955
Reinsa avløpsvatn (m3)Ulsåk	84369
	82824
Trøim ra renseeffekt (fosfor)(%)	98
	99
Ulsåk ra renseeffekt (fosfor)(%)	94
	94
Trøim ra fosforutslepp ikg	32,5
	24,6
Ulsåk ra fosforutslepp ikg	27,2
	18,6
Meldte avvik IK-system	1
	1
Tot. driftskostn (inndir.+dir.x1000)	7145
	8187
Inntekter (x1000)	7314
	7728
Kostnadar energi (x1000kr)	326
	294
Kostnadar kjemikaliar (x1000kr)	277
	305
Økonomisk dekningsgrad(%)	102
	94
Nøkkeltal	

Rensegrad og drift

Trøim renseanlegg er det største renseanlegget i Hemsedal (12000 pe, $Q_{maksdim}$: 320m³/h) og tek imot avløpsvatn frå heile Trøim inkl. Holdebakken. Anlegget fungerer svært godt og har i 2009 hatt ein renseseffekt for fosfor på 98 % i forhold til kravet på 93 %. Restutslipp av fosfor er på 32,5 kg mot eit krav på maksimum 130 kg. Anlegget tilfredstiller vidare krav til KOF og BOF reinsing (reinsing av organisk stoff). Det er i 2009 levert 11 prøver av avløpsvatn mot kravet som er 12. Kravet til prøvetaking er derfor ikkje oppfylt. Dette skuldast stenging av anlegget under ei prøvetakingsveke grunna stans i ventilasjonen.

Ulsåk reinseanlegg tek imot avløpsvatn frå Ulsåk rensedistrikt og er det nest største anlegget i Hemsedal (1100 p, $Q_{maksdim}$: 51 m³/h). Anlegget er gammalt, tilfredstiller ikkje krav til arbeidsmiljø, renseseffekten varierar og det er vanskelig og lite effektivt å drifte. På tross av dette er renseseffekten for fosfor i 2009 på 94 % i forhold til kravet på 90 %. Restutslipp av fosfor er på 27,2 kg mot eit krav på maksimum 29 kg.

Tuv renseanlegg er eit jordrenseanlegg som tek i mot avløpsvatn frå Tuv tettstad. Det er usikkert kor godt anlegget fungerer/rensar. Det er planer om nedlegging av Tuv jordrenseanlegg og overføring av kloakk frå Tuv til Trøim.

Teknisk drift er og ansvarleg for drift av Grøndalen miljøanlegg. Anlegget fungerer tilfredstillande og har i 2009 hatt ein renseseffekt for fosfor på 95 % i forhold til kravet på 94 %.

Reinseanlegga i Hemsedal er svært utfordrande å drive grunna store sesongvariasjonar i tilført mengde avløpsvatn. Skal anlegga fungere tilfredstillande må ein derfor bygge utjevningsbasseng i løpet av kort tid på Trøim RA

Det er gjennomført vassdragsovervakning for Hallingdalsvassdraget (Hemsil) i samsvar med prøveplan. Resultata syner at renseanlegga har liten påvirkning på vassdraget, bortsett frå nedstrøms Ulsåk ra der bakterietallet er høgt. Detaljar om resultata kan finnast i eigen rapport.

Investeringar

Fylgjande investeringar er avslutta i 2009 (x1000):

Etablering av tømme-stasjon for bular, campingvagnar og påsleppspunkt for tette tankar	349
Rehab. Ulsåk RA, forprosjekt	207
Sanering av VA nett (forprosjekt)	95
Sanering av VA nett	56
Kjøp av maskiner og utstyr (traktor)	146
Forprosjekt Ledning Bruhaug - Trøim RA	83

Fylgjande investeringar er starta opp i 2009 eller tidlegare og er framleis under arbeid (x1000)

Hovedledning va Holdebru-D1	1 676
Sanering av VA nett	357
Kyrkjebønsvegen VA	98
VA-ledning Mølla-Bruhaug	3 540

Avvik

- Ulsåk renseanlegg har eit arbeidsmiljø som ikkje tilfredstiller krav i lovverket
- Påslepp frå industri til Ulsåk renseanlegg er eit stort problem og det må utarbeidast påsleppsavtaler
- Verksemda er ikkje akkreditert for prøvetaking av avløpsvatn
- Det er ikkje mengdemåling på nødoverløp
- Til tider der det skjemma lukt i tilknytning til Trøim RA og ventilasjonen fungerer ikkje tilfredstillande og er truleg underdimensjonert
- Verksemda har ikkje tilfredstillande oversikt/kartgrunnlag over ledningsnett
- Grunna kapasitetmangel er ikkje alle investeringar og tiltak planlagt utført i 2009 slutført
- Verksemda overheld ikkje fristar etter forvaltningslova med omsyn til sakshandsamingstid grunna etterslep på eldre saker
- Renovasjon og slamtømming

Hallingdal renovasjon IKS organiserer innsamling og behandling av avfall på vegne av kommunen. Kommunen syter for fakturering av gebyr, sakshandsaming og kundespørsmål samt tilrettelegging for Hallingdal renovasjon.

Mål

Oppfylle krav og tiltak i avfallsplan for Hallingdal samt oppretthalde og betre kvaliteten på dagens teneste

Tema	2009	2008
Husholdningsavfall(tonn)	1368	1422
Restavfall til forbrenning(tonn)	1204	1050
Utsortert papir og papp frahusholdningsavfallet	24	57
Utsortert glass frahusholdningsavfallet	22	32
Utsorterte metaller frahusholdningsavfallet*	48	11
Utsortert EE-avfall frahusholdningsavfallet	33	32
Utsortert parkavfall frahusholdningsavfallet**	0	70
Utsortert mengde farlig avfall frahusholdningene	4,8	7
Annet utsortert frahusholdningsavfallet*	164	162
Utgifter	3906	3614
Inntekter	3235	3072
Økonomisk dekningsgrad	83	85
Nøkkeltal		

- * Levert på lokalt mottak
- ** Levert kvist og hageavfall

Investeringar

Det er ikkje utført investeringar i kommunalregi innanfor avfallsområdet i 2009

Avvik

- Arbeid med etablering av nye containerplassar og returpunkter er ikkje gjennomført etter planen grunna kapasitetmangel
- Det er stor forsøpling på og rundt containerplasser og returpunkt
- Kapasiteten på kommunale containere er sprengt i høgtider
- Det er ikkje satt i verk ordning med tilsyn på næringsavfall
- Verksemda overhald ikkje fristar etter forvaltningslova med omsyn til sakshandsamingstid
- Vegar og gatelys

Teknisk drift har ansvaret for drift, vedlikehald og utbygging av kommunale vegar og plassar inkl. veglys. Private entreprenørar syter for vinterdrift av dei fleste kommunale vegane og plassane i Hemsedal. Nokon mindre vegar og områder i mellom anna i tilknytning til kommunehuset vert utført i eigenregi.

Mål

Det kommunale vegnettet skal ha normal god vegstandard med fast dekke der dette let seg gjere.

Nøkkeltal

Tema	2009	2008
Kommunale vegar	34	34
Gangvegar (km)	3	3
Utgifter inkl. løn og vedlikehald av vegar, og utstyr (sommar + vinter)	2 047	2 043
Antall kommunale veglys totalt	609	609
Kostnadar veglys (x1000)	149	163
Tilskot til private vegar (x 1000)	50	35

Drift og vedlikehald

Trass stort behov for vedlikehald og avgrensa med midlar, har ein til no klart å oppretthalde ein brukbar standard på det kommunale vegnettet.

Det er tildelt 50 000 kr i tilskot til private vegar (Panoramavegen). Vidare er det inngått nye kontraktar for vintervedlikehald gjeldane frå 2010.

Investeringar

Asfaltering Grøndalsvegen, fase 3 (x1000)	1 100
Asfaltering Svøo II (x1000)	605
	5
Veg og gangveg Mølla-Bruhaug* (x1000)	179

Kjøp av maskinar (traktor) (x1000) 169
Gangveg Kyrkjebønsvegen** (x1000) 197

* Arbeidet vert ferdigstilt i 2010. Foreløpig er vegen ikkje overteke av kommunen.

** Arbeidet med gangvegen inkl. oppgradering av Kyrkjebønsvegen er starta opp i 2009. Sjølvve anlegget kjem ikkje i gang før våren 2010.

Avvik

- Gangvegn Moen bru – Halbjørhus Dokken er i så dårleg forfatning at brøyting er vanskeleg å gjennomføre
- Det er ikkje utført tilstandsvurdering på bruer.
- Skilting langs kommunale vegar er mangelfull

Planlagde oppgåver 2010

- Teknisk drift har vedteken handlingsplan for 2010-2013 for aktivitetsnivået på tenestene.
- Av større tiltak i 2010 kan nemnast:
- Prosjektering for utviding av Holdebakken Høgdebasseng
- Rehabilitering av leidningsnett Ulsåk
- Ny kloakkpumpestasjon Ulsåk
- Rehabilitering av Ulsåk renseanlegg (fase 1)
- Ferdigstilling av gangveg og veg inkl. VA anlegg Mølla-Bruhaug
- Bygging av gangveg langs Kyrkjebønsvegen samt rehabilitering av ledningsnettet
- Utfasing av PLS fase 3
- Innføring av akkreditert prøvetaking
- Utarbeiding av vedlikehaldsplan og digital skiltplan for vegnettet
- Oppdatering av digitalt leidningskartverk

LEIAR LANDBRUK OG NÆRING – 3400

- Landbruk og næring

Mål

Landbruk

Avdelinga har 2,1 årsverk som fordeler seg med ca. 1,8 på jordbruksforvaltning og 0,3 på skogforvaltning. Stillingsressursane har dei siste 10 åra vorte redusert, medan oppgåvene og delegert myndigheit til kommunane har auka. Enkelte oppgåver frå tidlegare "kulturetat" er lagt til avdelinga, slik som sekretærfunksjon til "Nemnd for Utmarksbruk".

Eit sentralt mål har vore å sikre brukarane dei tilskots- og velferdsordningane regelverket opnar opp for. Eit anna mål har vore å stimulere til bruksrasjonalisering, som sikrar aktive gardbrukarar produksjonsjord i form av langsiktig jordleige eller kjøp. Brakklagt areal skal reduserast.

Gjennomføre beiteregistreringar for å fastsette ønska fellingsprosent og tiltak, samt stimulerer til auka planting og forynging, er sentrale mål for skog- og utmarksforvaltning.

I tillegg har det vore eit mål å få utarbeida "Plan for beite og kulturlandskap".

Det har vore eit mål å få ferdigstilt/ ajourført digitale gardskart (AR5).

Næring

Om lag 35% av jordbruksforvaltninga går med til næringsutviklingsarbeid generelt. Leiar for avdelinga fungerer og som nesteleiar for Teknisk etat.

Gjennom året har arbeidet med "tilflytting og fremje av bulyst" vore prioritert. Sekretær, og motor for "Mæteplassen"- eit møteforum for alle næringar har også vore ein viktig nettverksarena. Det har også vore eit mål å få utarbeida ein næringsplan, samt etablere eit felles miljø (lokale eller nettverk) for kunnskapsbaserte næringar.

Kva er oppnådd ?

Landbruk

Ajourføring av nye digitale gardskart (AR5) har ført til omlag 120 ekstra arbeidstimar. Gardskarta er sjølve grunnlaget for anna arealforvaltning, eller tilskot som vert kopla mot areal. Arbeidet er no ferdigstilt, men må ajourførast kontinuerleg.

Gjennom året vert det forvalta ei rekkje enkeltsaker og stønadsordningar. Verkemidla er utruleg viktige for ei næring som er pressa på økonomi og avskalling

Det har vore jobba med 4 større BU - saker (utbyggingssaker - budsjettert investeringar ca kr. 14 mill). Alle sakene har vore prioritert av Innovasjon Noreg, men berre ei sak vart realisert gjennom året. Dette har løyst ut kr. 1 mill i investeringslån og kr. 500.000,- i investeringstilskot.

Regionalt har avdelinga vore ansvarleg (fagleg og økonomisk) for eit større regionalt seminar med fokus på "Finanskrisa, hytter eller beite". Seminaret samla 70 deltakarar og vart halde på Pers Hotel - Gol.

Prosjektet "Lys i alle glas" er følgt opp aktivt ovafor aktuelle grunneigarar. Til no har prosjektet ikkje ført til konkrete resultat, men ein er enno i tidleg fase av det 3 årige prosjektet. Som ledd i auka fokus på buplikt vart det laga egne retningslinjer for korleis ein skulle behandle slike saker i høve Plan og byggingsslova og Konesjonslova. Kommunen har søkt SLF om å fjerne fritak for buplikt på bustadeigedomar som er arva.

Det regionale utsiktsryddeprosjektet langs RV- 52 har i første omgang resultert i 5 ryddestrekningar. Det er inngått avtale med 18 grunneigarar om skjøtselspleie over 10 år. Utvalte områder er i hovudsak på vestsida av RV- 52, langs Heimsila mellom Hjelmene og Ulsåk.

Det er i samarbeid med Bondelaget og VAM utarbeida prosjektplan "Asylsøkar som ressurs" – asylsøklar som kulturlandskapspleiar. Prosjektet ligg til behandling hjå Fylkesmannen.

Som pådrivar har ein forsøkt å utvikle møteplassen mellom "Helse – Sosial og Skuleetaten" for å få auka fokus på "Grøn omsorg". Kommunen har no to tilbydarar som samarbeider med kommunen sine fagetatar.

Næring

Utvikling av ein "tilflyttarservice" har vore prioritert som ledd i å stimulere tilflyttarar, samt forsøke å redusere årleg utflytting. Aktivitetar som utdeling av "velkomstpakkjar", formidling av ledige bustader/ kårubustad, jobb/nyetablering, og kultur/trivsel. Det er etablert eit korps på 15 tilflyttarfaderar.

Det er arrangert 6 frukostmøter (Møteplassen) i samarbeid med Handelstand, Turistkontoret, Bondelaget og Sparebanken. Tema; "Korleis har finanskrisa påverka lokalt næringsliv, presentasjon av ulike etablerarar, kva har vi lært av studieturane, forsøpling av bygda vår, presentasjon av klimaplan, praktisering av skiltplan m.m.

Det er registrert 22 verksemder, eller nyetablerarar som har søkt råd i samband med nyetablering eller vidareutvikling av verksemda. Hallingdal Etablerersenter har vorte kopla inn der det har vore naturleg. Det er arrangert fleire miljøklyngemøter som ledd i kunnskaps- og haldningsskapande arbeid.

Kva er avvik ?

- Beite og kulturlandskapsplan – ikkje påbegynt, men er finansiert av Fylkesmann, Bondelag og Sau/ Geit.
- Næringsplan, er påbegynt men framleis ikkje ferdigstilt. Næringsplanen kan sjåast i samband med kommunepolararbeidet. Følgje opp Landbruks- og Reiselivsplan

Kva er utfordringane ?

Landbruk:

- Aktive grunneigarar må sikrast areal for grovfor. Gjennom aktiv handheving av driveplikta, og i samband med bruksrasjonalisering finne gode løysingar på arealfordeling (makeskifte/ jordskifte/ jordleige). Dette skal auke jordbruksareal i drift, samt unngå attgroing.
- Vi opplever at moglegheita for å søke sentrale investerings- og tilskotsmidlar innan tradisjonelle næringar, gjerne i samband med generasjonsskifte, i liten grad vert nytta. Det må etablerast eit mobiliseringsprosjekt som koplar tiltak og finansiering betre. Spesielt i høve til generasjonsskifte er dette viktig.
- Vi ser at etterspurnaden etter SMIL- midlar, som bidreg til skjøtsel og aktiv pleie av kulturlandskapet vert redusert, - på tross av aukande attgroing av kulturlandskapet.
- Ressursane gir ikkje rom for å peike på moglegheiter i høve til aktuelle satsingsområder - "grøn omsorg/ inn på tunet", stimulering av tilleggsnæringar i landbruket/ "Landbruk Pluss", "fellesstøl og kulturlandskap", moglegheiter/ konflikter ved ferdsel i utmark, eller auka bruk av bioenergi, oppfølging av lovforplikta forynging og ungsogopleie i tillegg til ekstern informasjon, vert ei forsømt oppgåve.
- Ajourhald av gardskarta vil framleis vera tidkrevjande. Arbeid med gardskarta har redusert servicenivå noko i høve til aktiv oppfølging av velferdsordningane.
- Arbeidet med å få laga ein "Plan for beite og kulturlandskap" er finansiert, men arbeidet er enno ikkje påbegynt.
- Under Fylkesmannen sin forvaltningskontroll vart det reist spørsmål om kommunal bemanning i høve til dei forvaltningsoppgåver som vert knytt til søknad om produksjonstilskot og velferdsordningane.

Næring:

- Det vert eit politisk spørsmål kva ein ønskjer å velje bort, i staden for å definere nye positive tiltak som i praksis ikkje kan følgjast opp.
- "Tilflytting til Hallingdal", eit omfattande prosjekt som ikkje berre handlar om å ta godt imot dei som vil til Hemsedal, men også halde på dei som er her. "Tilflyttingsfadrar" og "sesongarbeidar som ressurs" er nokre konkrete tiltak ein prøver å koordinere.
- "Kunnskapsbaserte næringar" - vi kjenner mange med heimekontor, eller andre som ønskjer å etablere seg i bygda, men saknar eit attraktivt felles miljø. Tilrettelegging for slike næringar vert berre delvis følgt opp gjennom kartlegging, og kontaktleie med potensielle nyetablerarar eller tilflyttarar. Det må av den grunn ein annan og meir aktiv tilrettelegging på plass.
- Sekretærfunksjon for "Møteplassen", eit viktig nettverkstiltak som stimulerer til bedriftsnettverk og samarbeid.
- I reiselivs- og kulturbygda Hemsedal er det ingen som har ei aktiv oppgåve i å stimulere kulturbasert næringsutvikling. Det ligg ei rekke mogelegheiter knytt til fysisk tilrettelegging, kompetanse og nettverksbygging for stimulering av kulturnæringar, - tiltak som støttar opp under etablert reiseliv.
- Styrka konkurransekraft krev mellom anna eit tett samarbeid med FOU, enkeltverksemdar, kapitalmiljø og det offentlege. I dette skjæringspunktet ligg fleire utviklingsprogram, ikkje minst EU- midlar. Hemsedal er, med sin unike posisjon, ein attraktiv reiselivsdestinasjon - men manglar klare mål, strategiar, samt ressursar til å etablere og følgje opp slike utviklingsprogram.
- Arbeidet med næringsplan er enno ikkje ferdigstilt, men påbegynt.